



Korona prega òg skulekvardagen på Svortland skule – elevane håpar «Alt blir bra».

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Budsjett 2021

Velferdsplan 2021-2024

«Framtid med moglegheiter»

Kommunestyret

Vedteke 14. desember 2020 | PS 152/2020

Kommunestyret:

Vedtak Budsjett 2021 – Velferdsplan 2021-2024

Etter framlegg frå Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Venstre og Partiet de kristne vedtok kommunestyret mot 13 røyster (Arbeidarpartiet 5, Kristeleg Folkeparti 5, Miljøpartiet dei grønne 1, Sosialistisk Venstreparti 1 og Uavhengig 1) følgjande budsjett:

1. Kommunestyret vedtar årsbudsjett og velferdsplan for åra 2021-2024 i tråd med kommunedirektøren sitt forslag men med følgjande endringar:
2. Kommunestyret vedtek ei ramme på kr 9 600 000 til tiltak for å møte koronapandemien i 2021. Utgiftene vert finansiert av statleg tilskot. Kommunedirektøren får fullmakt til å disponere løyvinga.
3. Kommunestyret vedtek desse finansielle måltala for kommunal økonomi:

Nøkkeltal	Mål
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	>1,75%
Disposisjonsfond	>10% <15%
Lån som skal dekkast av frie inntekter	<85%

4. Kommunestyret vedtek i samsvar med innstilling frå kontrollutvalet følgjande budsjettramme for kontroll og tilsyn i kommunen: kr 1 171 000.

5. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

6. Kommunestyret vedtek følgjande eigedomsskattevedtak:

a.) I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 bokstav a) skal følgjande utskrivingsalternativ for eigedomsskatt nyttast for skatteåret 2021: Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.

b.) Kommunar som til og med år 2018 skreiv ut skatt på kategorien verk og bruk, kan frå 2019 til og med 2024 vedta å skriva ut skatt på eit særskild fastsett grunnlag Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018: Det vert skrive ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med tre sjuandedel i 2021 (overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd første pkt).

c.) Skattesatsen vert sett til 3,2 % av takstverdet for bustader og fritidseigedomar. Skattesatsen vert sett til 3,4 % av takstverdet for næringseigedom og ubebygd grunneigedom jamfør budsjettvedtak i 2020 der kommunestyret vedtok ei gradvis nedtrapping av denne skatten. Skattesatsen på det særskilde grunnlaget vert sett til 3,7‰

d.) I medhald av eigedomsskattelova § 7a og b gir kommunestyret fritak for eigedomsskatt for 2021 til eigedomar tilhøyrande stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller Staten og eigedomar av historisk verdi. Dei eigedommane som etter eigedomsskattelova § 7 har fått fritak i tidlegare år får fritak for eigedomsskatt i 2021.

e.) Ved utskriving av skatt på bustadeigedommar nyttar kommunen skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustader kor dette er berekna (eigedomsskattelova 8 C-1)



Kommunestyret auka tilskotet til Moster Amfi med 500.000 kroner.

(Foto: Geir Einarsen)

f.) Ved taksering av alle eigedommar som ikkje er omfatta av skatteetaten sitt formuesgrunnlag skal gjeldande takstar frå 2009 kontorjusterast med 30% i 2021, jfr. eigedomsskattelova § 8 A – 4.

g.) Ved utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter.

h.) Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar.

7. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 15 000 000 i startlån til vidare utlån. Lånet er innarbeida i investeringsbudsjettet for 2021. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lånet i Husbanken.

8. Kommunestyret vedtek å ta opp inntil kr 90 000 000 i lån til investeringar i bygg, anlegg og utstyr. Lånet inngår i kommunen si samla låneportefølje. Lånegjelda skal nedbetalast med minimumsavdrag, jfr kommunelova § 14-18. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån, jfr. kommunen sitt finansreglementet. Kommunestyret vedtek at låneporteføljen til kommunen, og alle lån i porteføljen kan refinansierast i budsjettåret. Kommunedirektøren står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opphavleg vedtak.

For å få til ei betre harmonisering mellom utgifter til renter og avdrag med realveksten i dei frie inntektene vert den samla investeringsramme i planperioden (2021-2024) redusert frå 530 mill. til 480 mill. For 2021 og 2022 med 10 mill. og 2023 og 2024 med 15 mill. Kommunedirektøren legg fram for formannskapet ei revidert liste til godkjenning over prioriterte investeringar

innanfor den nye total ramma , til deira første møte i 2021. Samla låneopptak i 2021 vert endra frå 90 mill. til 82 mill.

9. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele lønnsavsetjingsposten ut på seksjonane.

10. Den nominelle veksten i dei frie inntektene vert sett til +1,19% Frie inntekter i budsjett for 2021 vert sett til 737,2 mill.

11. Vekst i kommunen sine samla driftsutgifter vert redusert frå 803,4 mill. (+ 1,2%) til 800,9 mill. (+ 0,9%). Reduksjonen skal først og fremst skje på dei områda som har fått reduserte inntekter (rammeoverføringar) frå staten.

12. Vedteke statsbudsjett for 2021 gjev ein endring (underdekning) av dei statlege rammene/ overføringane til kommunen på 1.114 mill. (netto). Underdekninga vert finansiert med tilsvarande reduksjon av kommunen sitt driftsresultat.

13. Kommunen sine samla finansutgifter vert redusert med 0,5% frå 44.639 mill. til 44.192 mill.

14. Frigjorte pensjonsmidlar vert nytta til betaling av pensjonspremie.

15. Driftstilskotet til Moster Amfi vert auka med kr. 500.000.

16. Driftstilskotet til Bli God Fysikalsk og Bømlo psykomotoriske fysioterapi vert i 2021 auka med 270.000 kr.

17. Driftstilskot til grendalag vert auka frå 90.000 til 150.000 kr.

18. Driftstilskot til ungdomsklubbar vert auka med 200.000 kr. og der klubben Innsider skal inkluderast i ungdomsklubbar som får tilskot frå 2021.

19. Tilskot til Bømlo Frivilligsentral vert sett til kr. 275.000 for å oppretthalda dagens driftsnivå.

20. Det vert sett av midlar til kartlegging av funksjonell strandsone med 500.000 kr i 2021.

21. Tilbodet i kulturskulen til elevar med nedsett funksjonsevne vert auka med 80.000 kr.

22. Tilskot til dekking av utgifter til feriereiser for ledsager vert sett til 100.000 kr.

23. Kommunestyret bed om at det snarast vert utarbeidd ein kulturplan for Bømlo kommune. Planen skal mellom anna innehalda visjonar, hovudmål og perspektiv. Kulturarenaer og museum skal òg vera ein del av planen. Ein ynskjer at aktørane som får årlege kommunale driftstilskot legg ved vedtekter, mål og oversikt over drift.

24. Kommunestyret er kjend med at året 2020 har vore eit krevjande år for kommunen sin administrasjon med både skifte av rådmann/kommunedirektør og Covid 19 pandemi . Kommunestyret vil likevel visa til sitt budsjettvedtak i 2020 der ein manglar tilbakemelding og oppfølging av fleire av dei ulike punkta i vedtaket. Kommunestyret ber derfor om at desse punkta og vert prioritert i 2021.

25. Det vert oppretta eit kommunalt vegfond til utbetring av det kommunale vegnettet. Det vert årleg sett av 10% av midlar som kjem frå havbruksfondet og som vert øyremerka opprusting av det kommunale vegnettet.



Datakurs i regi av Bømlo frivilligsentral, Bømlo folkebibliotek og Bømlo kommune.

(Foto: Bømlo kommune)

26. Det vert oppretta eit kommunalt næringsfond for Bømlo med oppstart i 2021. Fondet skal nyttast til å støtta nyetablering, innovasjon og utvikling av næringslivet i Bømlo. Det vert årleg sett av 15% av midlar som kjem frå havbruksfondet som vert øymerka dette næringsfondet. Kommunedirektøren utarbeider forslag til retningslinjer for eit slikt fond i tråd med EØS reglar om bagatellmessig tilskot. I arbeidet med utarbeiding av retningslinjer for fondet skal det og drøftast om næringsfondet bør ha sitt eige fondsstyre der representantar med bakgrunn frå næringslivet og bør delta.

27. Kommunestyret bed om at det ved utarbeiding av årsmelding og vert laga ein oversikt over bruken av midlar frå havbruksfondet.

28. Det bør vera eit mål at Bømlo kommune vert ein sykkelkommune med eit eige sykkelprogram. Kommunestyret bed om sak om dette i 2021.

29. Kommunestyret ynskjer at tilbodet om felles informasjonsmøte for alle 75-åringar i kommunen vert vidareført

30. Miljø Kommunestyret bed administrasjonen komma med ei sak til Utval for Natur, klima og miljø innan april 2021. Saka skal visa korleis midlane som er sett av i budsjettet til klima og miljøtiltak kan nyttast på best måte.

31. Bømlo kommune skal laga ein handlingsplan for klima og miljø basert på måla i samfunnsdelen av kommuneplanen og på denne måten følgja opp vedtaket om klimakrise.

PS: Punkt 30 i framlegget frå Torunn Laurhammer på vegne AP, KRF, SV, MDG og UAVH vart samrøystes vedteke. Punkt 31 i framlegget frå Torunn Laurhammer på vegne AP, KRF, SV, MDG og UAVH vart mot 13 røyster vedteke. (7 H, 3 FRP, 2 SP, 1 PDK)

Budsjettabellar vedtatt av kommunestyret

ØKONOMISK OVERSIKT						
DRIFT						
etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-6. Tal i heile 1000.	REKNE- SKAP 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024
Rammetilskot	-374 931	-377 486	-365 020	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-332 335	-348 075	-382 591	-366 567	-367 058	-368 480
Eigendomsskatt	-32 572	-33 561	-33 901	-37 461	-37 861	-38 261
Andre skatteinntekter						
Andre overføringar og tilskot frå staten	-56 492	-61 099	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
Overføringar og tilskot frå andre	-153 766	-88 283	-80 177	-77 874	-77 874	-77 874
Brukarbetalingar	-26 478	-27 148	-27 691	-27 691	-27 691	-27 691
Sals- og leigeinntekter	-23 313	-26 899	-23 105	-23 248	-23 248	-23 248
SUM DRIFTSINNTEKTER	-999 887	-962 551	-961 472	-946 033	-926 687	-941 967
Lønnsutgifter	513 823	499 583	488 434	482 547	479 788	479 077
Sosiale utgifter	129 952	126 321	123 349	122 362	126 404	127 322
Kjøp av varer og tjenester	267 045	247 691	262 793	255 006	250 019	247 784
Overføringar og tilskot til andre	42 267	25 090	29 886	21 651	20 570	20 050
Avskrivningar	37 113	37 400	41 000	41 000	41 000	41 000
SUM DRIFTSUTGIFTER	990 199	936 086	945 461	922 567	917 781	915 234
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-9 688	-26 465	-16 010	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-3 994	-4 573	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytter	-484	-131	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	21 808	23 029	16 256	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	23 948	29 019	31 284	33 012	35 180	36 931
NETTO FINANSUTGIFTER	41 278	47 344	44 192	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivningar	-37 113	-37 400	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-5 523	-16 520	-12 818	-19 059	-1 212	-16 942
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering		2 987	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	7 548	-800	-800	-600	-600	-600

Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 025	14 333	8 617	14 659	-1 388	14 242
Dekning av tidlegare års merforbruk						
SUM DISPONERINGAR ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	5 523	16 520	9 691	19 059	1 212	16 942
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR	0	0	0	0	0	0

BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-4 første ledd. Tal i heile 1000.	REKNE- SKAP 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024
Rammetilskot	-374 931	-377 486	-365 020	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-332 335	-348 075	-382 591	-366 567	-367 058	-368 480
Eigedomsskatt	-32 572	-33 561	-33 901	-37 461	-37 861	-38 261
Andre generelle driftsinntekter	-56 492	-61 099	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
SUM GENERELLE DRIFTSINNTEKTER	-796 330	-820 221	-830 499	-817 220	-797 874	-813 154
Sum bevilgningar drift, netto	749 529	756 356	773 489	752 754	747 969	745 421
Avskrivningar	37 113	37 400	41 000	41 000	41 000	41 000
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER	786 642	793 756	814 489	793 754	788 969	786 421
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-9 688	-26 465	-16 010	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-3 994	-4 573	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytte	-484	-131	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	21 808	23 029	16 256	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	23 948	29 019	31 284	33 012	35 180	36 931
NETTO FINANSUTGIFTER	41 278	47 344	44 192	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivningar	-37 113	-37 400	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-5 523	-16 520	-12 818	-19 059	-1 212	-16 942
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering		2 987	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	7 548	-800	-800	-600	-600	-600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 025	14 333	8 617	14 659	-1 388	14 242
Dekning av tidligere års merforbruk						

SUM DISPONERINGAR ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT	5 523	16 520	12 818	19 059	1 212	16 942
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR	0	0	0	0	0	0

Fordeling av sum bevilgningar	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Sum løyvingar drift, netto	773 489	752 754	747 969	745 421
Sentrale styringsorgan	53 023	54 219	54 688	54 219
Oppvekst, kultur og idrett	378 346	363 858	350 334	339 595
Helse, sosial og omsorg	273 013	275 086	279 329	285 579
Tekniske tenester og brann	57 336	57 692	57 692	58 692
Kyrkjelege føremål	8 316	8 316	8 316	8 316
Tilleggsloyving - premieavvik	3 231	-6 641	-2 615	-1 204
Økonomiske føresetnader	226	226	226	226

BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-5 første ledd. Tal i heile 1000.	REKNESKAP 2019	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	85 898	105 830	131 650	151 100	94 200	85 200
Tilskot til andre sine investeringar	3 000	5 500	5 450	4 400	5 750	2 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 042	2 100	2 100	2 300	2 400	2 500
Utlån av egne midlar	16 740					
Avdrag på lån	5 430					
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	113 111	113 430	139 200	157 800	102 350	89 700
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 470	-19 242	-24 210	-28 960	-18 680	-16 680
Tilskot frå andre	-14 184	-7 460	-6 440	-34 080	-3 000	-35 000
Sal av varige driftsmidlar	-3 617	-1 150	-15 550		-1 000	
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-9 187					
Bruk av lån	-73 322	-80 391	-82 000	-84 760	-83 470	-41 720
SUM INVESTERINGSINNTEKTER	-112 781	-108 243	-138 200	-147 800	-94 150	-81 400
Vidareutlån		20 000	15 000	15 000	15 000	15 000
Bruk av lån til vidareutlån		-20 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000

Avdrag på lån til vidareutlån		5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Mottatte avdrag på vidareutlån		-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
NETTO UTGIFTER VIDAREUTLÅN						
Overføring frådrift		-2 987	-5 000	-5 000	-3 200	-3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	3 831					
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-4 160	-2 200	-6 000	-5 000	-5 000	-5 000
Dekning av tidligere års udekket beløp						
SUM OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETNINGER	-329	-5 187	-11 000	-10 000	-8 200	-8 300
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEI-NARE ÅR (UDEKKA BELØP)	0	0	0	0	0	0

Oversikt over utvikling i lån etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-7	B2021	B2022	B2023	B2024
Inngående lånegjeld	979 414	1 040 130	1 101 878	1 148 168
Nye låneopptak i året:	97 000	99 760	86 470	44 720
Låneavdrag i driftsbudsjettet	31 284	33 012	35 180	36 913
Avdrag i investeringsbudsjettet	5 000	5 000	5 000	5 000
Sum avdrag	36 284	38 012	40 180	41 913
Utgående lånegjeld	1 040 130	1 101 878	1 148 168	1 150 975

	B2020	B2021	B2022	B2023	B2024
Lånesaldo 31.12	979 414	1 040 130	1 101 878	1 148 168	1 150 975
Startlån	124 244	134 244	144 244	154 244	164 244
Lån med rentekomp.	68 539	62 825	56 292	49 759	43 018
Netto lånegjeld	786 631	843 061	901 342	944 165	943 713
i % av driftsinntektene	78,1 %	84,9 %	90,9 %	97,2 %	95,6 %

Kommunedirektøren:

«Framtid med moglegheiter»



Arbeidet med årsbudsjett 2021 og økonomiplanen 2022 -2024 har vore krevjande. Den pågåande koronapandemien medfører at drifta av kommunen er ekstraordinær. Kommunen er i beredskapsmodus og mykje tydar på at dette vil vere tilfelle og i 2021. Koronapandemien fører med seg ekstraavgifter då produksjonen av kommunale tenester vert lagt om, smittevernstiltak er innført og nye tenester er oppretta. Tilsette er omplassert og turnusar er endra.

Årsbudsjettet er utarbeida i samsvar med normal drift av kommunen. I hovudsak er årsbudsjettet ei vidareføring av drifta på dei fleste tenestekområda. Kommunedirektøren vil be kommunestyret godkjenne ei tilleggsramme på utgifter til koronatiltak på 9,6 mill. kr. med statleg finansiering. Budsjettet for 2021 er utarbeida etter reglane i ny kommunelov. Dette inneber mellom anna at kommunen er pliktig til å sette finansielle måltal som skal sikre at økonomien blir forvalta slik at den økonomiske handleevna vert ivareteken over tid. Måltala som kommunestyret vedtok i fjor er vidareført.

Det er i praksis ikkje realvekst i budsjettet for 2021, heller ikkje i åra framover er det venta realvekst i inntektene. Endringane i samansetninga av befolkninga i kommunen vil føre til reduksjon i inntektene. Berre reduksjonen av elevar i grunnskulen vil føre til redusert rammeoverføring frå staten på 14 mill. kr i 2024 i forhold til 2021. Regjeringa har signalisert strammare kommuneøkonomi i åra framover. Dette samanhalde med kommunen sine ambisiøse investeringsplanar gjer at den kommunale tenesteproduksjonen må leggjast om. Kommunen kjem ikkje unna ein debatt om korleis organiseringa av den kommunale tenesteproduksjonen skal vere slik at denne vert berekraftig på lenger sikt.

For å unngå å gjere dramatiske endringar i den kommunale tenesteproduksjonen i desse urolege tidene har kommunedirektøren sett det som viktig å verna om dei kommunale inntektene. Skatteinntektene er usikre det næraste året. Eigedomsskatten vert føreslege uendra for 2021 og kommunale inntekter elles vert prisjustert.

Mottak av flyktningar er kraftig redusert, dette får konsekvensar for kommunen. Talet på flyktningar som skal busetjast går kraftig ned og kommunen får ikkje lenger busetje einslege mindreårige flyktningar. Inntektene vert redusert med 11,4 mill. kr på eit år. Ein konsekvens av dette er omlegging og redusering av tenestene, mellom anna avvikling av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar.

Investeringsbudsjettet er ekspansivt. Investeringsane innafor helse og omsorg skal bidra til at kommunen er førebudd på framtida. Talet på eldre aukar kraftig frå 2024 og framover.

Brannstasjonen skal realiserast i 2021/2022. Det er sett av midlar til grunnkjøp i Langevåg for å realisere fiskerihamna. Midlane er finansiert frå Havbruksfondet. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2019 og er eit viktig grunnlag for kommuneplanen sin arealdel som det skal arbeidast med i 2021.

Svortland, 29.10.2020

Kjetil Aga Gjøsæter
kommunedirektør

Innhold:

Kommunestyret: Vedtak Budsjett 2021 – Velferdsplan 2021-2024	2
Kommunedirektøren: «Framtid med moglegheiter»	10
Økonomiske utfordringar og rammevilkår i økonomiplanperioden 2021–2024.....	12
Investeringar 2021-2024	24
Budsjett 2021, økonomiplan 2021–2024, presentasjon av hovudområda/ seksjonane ...	33
Sentrale styringsorgan.....	35
Oppvekst, kultur og idrett	38
Helse, sosial og omsorg	45
Tekniske tenester	51
Kyrkjelege føremål	55
Ikkje fordelt/tilleggsføring/ premieavvik	56
Økonomiske føresetnader.....	59
Brukarbetalingar.....	66
Budsjettabellar	69

Økonomiske utfordringar og rammevilkår i økonomiplan-perioden 2021–2024



Plan for nye Meling skule

(Ill.: Holon AS)

Innleiing

Kommunedirektøren vil i dette kapitlet gjere greie for føresetnadane som ligg til grunn i økonomiplanen og dei økonomiske utfordringane som kommunen står framfor dei komande fire åra. Årsbudsjett 2021 og økonomiplanen for 2022–2024 bygger på dei føresetnadane som låg i økonomiplanen 2020-2023.

Budsjettet vert sett opp i samsvar med økonomireglane i kap. 14 i ny kommunelov.

I §14-2 bokstav c vert det stilt krav om at kommunestyret skal vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Måltala skal sikre grad av langsiktigheit i økonomistyringa slik at kommunen sin økonomiske handlefridom vert i vareteke.

Å budsjettere med ein 4-årig økonomiplan inneber ei stor grad av uvisse. Rammevilkåra for kommunen har endra seg vesentleg dei siste åra, noko som synte seg ved omlegginga av inntektssystemet frå og med 2017. Kommunen sitt inntektstap på 13 mill. kr er no fullt ut implementert i rammene.

Regjeringa har varsla at det i kommuneproposisjonen for 2022 vil bli lagt fram eit forslag til revidering av inntektssystemet for kommunane. Korleis dette vil påverke kommunen sine

framtidige inntekter er vanskeleg å spå noko om. I økonomiplanen har ein derfor lagt til grunn gjeldande inntektssystem.

Havbruksfondet vart innført i 2016 med første utbetaling til kommunane i 2017. I revidert nasjonalbudsjett 2020 vedtok Stortinget at fordelinga av auksjonsinntektene i Havbruksfondet skal endrast frå tidlegare 80% tildeling av havbruksmidlane til kommunane til 40%. Resten av midlane tilfell staten.

I tillegg blir det innført ei produksjonsavgift på 40 øre pr kg produsert fisk der inntektene går inn i fondet. Det er berekna at avgifta vil utgjere omlag 500 mill. kr pr år. Kommunen sine inntekter frå fondet vil variere frå år til år, men nyordninga fører til større stabilitet i inntektene.

Kommunedirektøren har i økonomiplanperioden lagt til grunn ferdigstilling av ny brannstasjon. Våge skule treng oppgradering. Kommunedirektøren legg difor opp til dette i økonomiplanen. Som tiltak for å møte veksten i eldrebefolkninga i kommunen legg ein opp til å investere i heildøgns omsorgsbustadar og dagaktivitetstilbod for eldre på Moster i økonomiplanperioden.

Økonomiplanen byggjer på endringar i folketal og samansetjinga av folkesetnaden dei næraste åra.

Finansielle måltal

Det som kjenneteiknar ein kommune med god økonomistyring er:

- Balanse i løpande drift
- Ikkje for høg lånegjeld
- Midlar i disposisjonsfond
- God likviditet

Kommunestyret vedtok i fjor måltal som underbyggjer desse kjenneteikna.

Følgjande nøkkeltal vart vedteke:

1. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene - Måltal 1,75%
2. Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene - Måltal større enn 10 mindre enn 15%
3. Langsiktig gjeld som ikkje er dekkja av andre (minus pensjonsforpliktingane) i prosent av driftsinntektene - Måltal 85%

I økonomiplanen når ikkje kommunen alle måltala. Tabellen under syner utviklinga i måltala:

Måltal i % av netto driftsinntekter	B 2020	B 2021	ØK 2022	ØK 2023	ØK 2024
Netto driftsresultat - måltal 1,75%	2,2 %	1,0 %	2,0 %	0,1 %	1,8 %
Disposisjonsfond måltal mellom 10 og 15%	7,7 %	8,4 %	10,0 %	10,0 %	11,4 %
Netto langsiktig gjeld - 85%	78,1 %	85,7 %	92,6 %	100,0 %	99,7 %

Demografi og kommuneøkonomi

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne. Folketalet 1. januar 2020 var på 11 957. Fram til 01.07.2020 har dette auka med 49 til 12 006. Det er folketallet 01.07.2020 som vert lagt til grunn for utrekning av rammetilskotet for 2021. Folketalet 01.01.2021 er avgjerande for fordelinga av inntekstutjamninga i 2021.

Folketalet har dei siste fem åra auka med i snitt 0,3 % i året. Veksten det siste året var på 0,4%. Eit særtrekk ved folkesetnaden i kommunen er relativt sett mange unge under 16 år (15% fleire enn landsgjennomsnittet) og relativt sett fleire eldre over 90 år (40% fleire enn landsgjennomsnittet).

Det er eit stort overskot av unge menn i kommunen, med 88 kvinner pr. 100 menn i aldersgruppa 19 -39 år. Utviklinga i kommunen er at talet på barn og unge nærmar seg gradvis landsgjennomsnittet, det same gjeld utviklinga i talet på eldre over 67 år.

SSB oppjusterte framskrivinga av folketallet sommaren 2020. I økonomiplanen har kommunedirektøren lagt det mellomste alternativ for folketalsframskriving til grunn. SSB si framskriving av folketallet viser ein nedgang i folketallet fram mot 2030 på 1,5%. Sjølv om dette ikkje heilt samsvarer med den svake veksten kommunen har hatt dei siste åra, så illustrerer dette ei venta utvikling med lågare fødselstal, låg innvandring og sentralisering i landet.

Korvidt Bømlo vil avvike frå desse nasjonale trendane som framskrivinga byggjer på er det vanskeleg å spå noko sikkert om.

Mykje vil avhenge av om ein klarer å auke talet på lokale arbeidsplassar samt at dei store leverandørbedriftene på Stord opprettheld aktiviteten. Kommunen har investert 30 mill. kr i nytt investeringsområde på Rubbestadneset samt at det er lagt ned betydelege midlar i å få tilrettelagt for utbygging av ei fiskerihamn på Langevåg.

Tabellen nedanfor syner utviklinga i folketallet basert på SSB si siste framskriving alternativ midlere vekst for kommunen justert for folketalsveksten i 2020:


Aldersgruppe (folketal pr 01.01)	2020	2021	2022	2023	2024	2030
0-1 år	237	243	231	224	222	228
2-5 år	585	569	552	534	525	499
0-5 år	822	812	783	758	747	727
6-15 år	1730	1726	1709	1674	1626	1386
16-18 år	528	511	485	515	525	484
19-66 år	7000	7018	6983	6898	6887	6841
67-79 år	1376	1428	1470	1520	1530	1548
80-89 år	360	367	368	395	435	718
90 år eller eldre	141	144	136	131	122	120
Sum befolkning	11957	12006	11934	11891	11872	11824

Dersom denne utviklinga slår til vil talet på barnehagebarn bli redusert med 59 i økonomiplanperioden. Talet på barn i skulepliktig alder syner ein nedgang på 100 barn. Dei neste 3 åra går 536 elevar ut av ungdomsskulen, dei tre årskulla som kjem inn tel ved årsskiftet 2020 419 barn. Det er ei dramatisk utvikling i elevtalet i Bømloskulen som no skjer på kort og mellomlang sikt.

Talet på eldre over 67 år aukar med 148 (8%).

Den demografiske utviklinga har innverknad på nivået på dei statlege rammeoverføringane. Utgiftsutjamninga i inntektssystemet syner at samansetjinga og endringa i dei ulike aldersgruppene fører til endra inntektsramme, sjå meir om dette under analyse av utgiftsnivået i kommunen.

Figuren under syner endring i utgiftsbehovet til kommunen i økonomiplanen og i tillegg fram mot 2030.



Tabellen under syner berekna demografikostnader i åra 2021-2024, basert på opplegget til Teknisk berekningsutval med utgangspunkt i 2020-tal og med endring i høve til årsbudsjettet 2021.

Meirutgifter basert på endring i demografi i høve til 2021			
Tal i heile 1000 kr	2022	2023	2024
Barnehage (0-5 år)	-4 199	-8 307	-10 272
Grunnskule (6-15 år)	-2 493	-7 627	-14 666
Ungdom og vaksne (16-66 år)	-1 221	-3 080	-3 157
Eldre (67 år og eldre)	-1 625	3 450	7 949
Sum akkumulert endring	-9 538	-14 820	-20 146

Som det går fram av tabellen over så er det berekna at kostnadane i kommunen skal gå ned i økonomiplanperioden grunna endringar i folketal og alderssamansetjing i kommunen.

en. Utgiftene til eldre vil gå opp. Dette heng saman med veksten av eldre over 67 år. Det er ikkje teke omsyn til kvalitetshevingar og/eller effektivitetsendringar. Heller ikkje skiftkostnadar som oppstår med jamne mellomrom grunna oppstart av tilbod utan at det kjem som ein direkte konsekvens av endring i demografi.

Endringar i demografikostnadane vert normalt kompensert gjennom utgiftsutjamninga. Når demografien endrar seg så kraftig som no, må kommunen rekne med at utgiftsutjamnande tilskot vert redusert.

Analyse av utgiftsnivået til kommunen

Kommunen får tildelt kompensasjon for demografiske særtrekk gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet, til dømes kompensasjon for at kommunen har fleire barn enn gjennomsnittskommunen eller fleire eldre. Også sosiale særtrekk ved samfunnet gir omfordelingar i inntektssystemet. Døme her kan vere fleire einslege eldre, høgare arbeidsløyse, utdanningsnivå, tal på skilde, uføre, fattige, tal på psykisk utviklingshemma over 16 år, dødsrate i befolkninga, tal på innvandrarak 6-15 år osv.

For 2021 har kommunen slik kostnadsnøkkel på dei sentrale tenesteområda samanlikna med 2020:

Delkostnadsnøkkel	Indeks 2020	Indeks 2021	Vekt 2020	Vekt 2021
Grunnskule	1,2085	1,2043	25,27	25,35
Administrasjon, miljø	1,0076	1,0077	8,19	8,13
Landbruk	1,1723	1,2454	0,21	0,21
Pleie og omsorg	1,0586	1,0484	34,9	35,32
Barnevern	0,8423	0,8642	4,3	4,06
Sosialhjelp	0,7053	0,7128	5,78	5,61
Kommunehelse	1,0416	1,0437	5,26	5,39
Barnehagar	1,0387	0,9998	16,08	15,94
Hovudkostnadsnøkkel	1,0588	1,0508	1,00	1,00

Staten har berekna utgiftstrongen (ressurstrong) for kommunane til 297,3 milliardar kroner som er fordelt på 8 hovudområde etter ei veking som baserer seg på kommunesektoren sine rekneskapsførte utgifter 2 år før budsjettåret (2019). i tillegg er det tatt omsyn til oppgåveendringar og andre korreksjonar.

Indeksen seier noko om kommunen sin utgiftstrong på dei enkelte hovudområda. Kommunen har etter staten sine kriteria ein utgiftstrong som samla på alle hovudområda er 5,08% høgare enn den berekna gjennomsnittlege utgiftstrongen for kommunane. Dette gir kommunen eit tillegg på kr 2 858 pr innbyggjar eller 34,3 mill. kr.

Dette er ein reduksjon i 2021 kr på 5,4 mill. kr i forhold til 2020 og skuldast endring i demografi. Den største negative endringa står barnehagesektoren for. Her er har kostnadsindeksen gått ned frå 1,0387 til 0,9998 noko som inneberer ein reduksjon i rammetilskotet på 4,1 mill. kr

Inntektssystemet vart sist lagt om i 2016 med verknad frå 2017. Regjeringa varslar ein revisjon av inntektssystemet og det er nedsett eit utval som skal gå gjennom dette. Nytt inntektssystem skal etter planen gjelde frå og med 2022.

Ved førre endring av inntektssystemet fekk kommunen redusert utgiftsutjamninga med 9,2 mill. kr frå 2016 til 2017. Korleis omlegginga som no er på trappane vil slå ut er det vanskeleg å spå noko sikkert om. Økonomiplanen byggjer følgjeleg på systemet slik det er i dag.

Endringane i inntektssystemet samt endring i demografi gir kommunen utfordringar med å omstilla tenestene og tilpasse desse til dei nye inntektsrammene i åra framover.


Hovudtal økonomiplanperioden 2021 – 2024

Bevilgningsoversikt drift etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-4 første ledd. Tal i heile 1000.	Rekne- skap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-374 931	-377 486	-362 981	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-332 335	-348 075	-367 765	-366 567	-367 058	-368 480
Eigedomsskatt	-32 572	-33 561	-37 061	-37 461	-37 861	-38 261
Andre generelle driftsinntekter	-56 492	-61 099	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
Sum generelle driftsinntekter	-796 330	-820 221	-816 794	-817 220	-797 874	-813 154
Sum bevilgningar drift, netto	749 529	756 356	762 464	752 754	747 969	745 421
Avskrivningar	37 113	37 400	41 000	41 000	41 000	41 000
Sum netto driftsutgifter	786 642	793 756	803 464	793 754	788 969	786 421
Brutto driftsresultat	-9 688	-26 465	-13 330	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-3 994	-4 573	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytter	-484	-131	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	21 808	23 029	16 703	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	23 948	29 019	31 284	33 012	35 180	36 931
Netto finansutgifter	41 278	47 344	44 639	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivningar	-37 113	-37 400	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
Netto driftsresultat	-5 523	-16 520	-9 691	-19 059	-1 212	-16 942
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering		2 987	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	7 548	-800	-800	-600	-600	-600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 025	14 333	5 491	14 659	-1 388	14 242
Dekning av tidlegare års meirforbruk						
Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat	5 523	16 520	9 691	19 059	1 212	16 942
Framført til inndecking i seinare år	0	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	0,6 %	1,7 %	1,0 %	2,0 %	0,1 %	1,8 %

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit att med av inntekter etter at utgifter er trekt frå. I tillegg til inntekter og utgifter knytt til den ordinære drifta, inngår også finansinntekter- og utgifter. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsetjast til seinare bruk (disposisjonsfond), og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. Kommunen sitt måltal er 1,75% av driftsinntektene. Kommunen når dette i to av åra.

Det er lagt opp til eit positivt driftsresultat for 2021 på 9,7 mill. kr, av dette utgjør venta havbruksfondsinntekter 12 mill. kr. Utan venta inntekter frå Havbruksfondet så er netto driftsresultat svakt. Kommunen sitt nettodriftsresultat er for alle år lågare enn havbruksinntektene. Avsetning til fondet er difor mindre enn inntektene i åra 2022 –2024. Utviklinga i netto driftsresultat i økonomiplanperioden går fram av tabellen under.



Kommunedirektøren legg opp til at alle ikkje disponerte midlar i økonomiplanperioden skal setjast av til disposisjonsfond. Disposisjonsfondet si viktigaste oppgåve er å verne om kommunen sin likviditet. Disposisjonsfondet omfattar 3 fond med følgjande saldo 01.01.2020:

Førebyggjande rus	130
Felles disposisjonsfond	40 927
Havbruksfond	27 089

Målalet er ikkje nådd for storleiken på fondet i 2020, og inntil dette er det naudsynt å styrke fondet for at ikkje likviditeten skal bli vesentleg svekka. Driftsresultatet består av premie-avviksinntekter som er større enn driftsresultatet. Dette tærer på kommunen sin likviditet. Kommunedirektøren føreslår slik avsetjing til disposisjon i perioden:

Disposisjonsfond (heile 1000 kr)	Berekna resultat 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Fond 01.01	68 493	74 192	79 683	94 340	92 952
Berekna avsett i året	27 250	12 030	19 757	1 912	17 642
Forventa bruk i året	-21 551	-6 539	-5 100	-3 300	-3 400
Fond utgangen av året	74 192	79 683	94 340	92 952	107 194
Fond i % av omsetning	7,7 %	8,4 %	10,0 %	10,0 %	11,4 %

Målalet vert nådd i 2022.

Bruken av disposisjonsfondet i 2021 og 2022 er dette: (i 1000 kr)

Kommuneplanarbeid – havbruksfond (oppfølging øp 2020-2023)	1 439
Fiskerihavn-Havbruksfond (5 mill. kr i 2021 og 2022)	5 000
Beiterydding	100

Kommunen sitt premieavvik vil auke i økonomiplanperioden. Dette vil svekke kommunen sin likviditet. Det er derfor heilt naudsynt å byggja opp disposisjonsfondet slik at dette er større enn premieavviket - sjå nærare omtale i kap. 7. Premieavviket er slik det går fram av tabellen under omlag like stort som fonda.

	2020	2021	2022	2023	2024
Akkumulert premieavvik	56 853	70 922	85 229	95 738	105 281

Driftsinntektene

Driftsinntekter syner ein nominell nedgang på 1,5% frå opphavleg budsjett 2020 til 2021. Med ein forventa prisvekst på 2,7% gir dette ein volum og realnedgang på 4,2%.

Vidare i økonomiplanperioden vert det føresett ein realnedgang på 0,2% i 2022 og på 2,0% i 2023 i 2024 er det venta ein auke på 1,6%. Nedgangen dei første åra er knytt til reduserte inntekter flyktningar samt svingingar i havbruksfondsinnntektene. Det er venta nedgang i rammetilskotet dei første åra grunna endring i befolkningssamansetning.

Utvikling i frie inntekter (skatteinntekter og rammeoverføringer)

Tabellen nedanfor syner utviklinga i dei frie inntektene. Alle tal for åra 2022 – 2024 er i faste 2021 kroner:

	2021	2022	2023	2024
Sum rammetilskot	-362 981	-360 815	-357 893	-357 511
Skatt på formue og inntekt	-367 765	-366 567	-367 058	-368 480
SUM frie inntekter	-730 746	-727 382	-724 951	-725 991
<i>Endring i frie inntekter akkumulert i høve budsjett 2020</i>	<i>-5 185</i>	<i>-1 821</i>	<i>610</i>	<i>-430</i>
<i>Årleg vekst i frie inntekter</i>	<i>0,71 %</i>	<i>0,25 %</i>	<i>-0,08 %</i>	<i>0,06 %</i>

Prisstigninga i kommunesektoren er rekna til 2,7%, det er difor ein realnedgang i dei frie inntektene frå 2020 til 2021.

Anslaget for åra 2022–2024 byggjer på ein berekna realvekst i dei frie inntektene på 0,7% i økonomiplanperioden. I rammetilskotet er det tatt omsyn til nedtrapping av skjønstilskotet frå Fylkesmannen, endring i inntektssystemet og demografiske tilhøve. Desse endringane medfører ein svakare realvekst i kommunen sine inntekter enn kva som er lagt til grunn for vekst i frie inntekter på landsbasis.

Eigedomsskatt

I 2019 vedtok Stortinget endringar i eigedomsskattelova som fekk konsekvensar for kommunen i 2020. Omgrepet verk og bruk vart avvikla frå og med 2019. Dette medfører at kommunen frå 2019 til 2024 kan skrive ut skatt på eit særskilt fastsett grunnlag. Grunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget som vart nytta i 2018 redusert med 1/7 del. Det er ikkje venta at kommunen vil tape meir enn 0,5 mill. kr etter 7 år på dette. Kommunen tapte så lite på omlegginga at me ikkje får kompensasjon frå staten.

Det vart innført ein obligatorisk reduksjonsfaktor på alle formuesverdiar på 30%. I tillegg er det i statsbudsjettet for 2021 fremja ei endring om at maksimal skattesats på 4 promille frå 2021.

Kommunestyret vedtok å nytte skatteetaten sine formuesverdiar frå 2020 på dei skatteobjekta som har slike verdiar (78% av bustadane). For dei andre eigedomane (mellom anna fritidseigedomar, næringseigedomar, resten av bustadmassen) er det bestemt at det skal gjennomførast taksering av eigedommane. Kommunedirektøren har ikkje funne grunnlag for å innføre botnfrådrag då reduksjonsfaktoren på 30% vert gjort obligatorisk på alle takstane som kommunen nyttar.

Kommunedirektøren føreslår same promillesats som for 2020: 3,5 promille av bustader, fritidsbustader, våningshus og næringseigedommar og 3,7 promille på eigedommar som har skatten utskreve etter eit særskilt grunnlag. Grunna auka verdi i takstane på fritidsbustadane samt volumauke (fleire bustader) så vert inntektene av eigedomsskatten auka med 3,5 mill. kr i forhold til opphavleg budsjett 2020.


Driftsutgiftene

Kommunen sine samla driftsutgifter korrigert for avskrivningar viser ein reduksjon på 0,6% nominelt frå budsjett 2020 til budsjettframlegget for 2021. Dette svarar til ein real- og volumnedgang på 3,3%. Vidare i perioden vert det føresett ein realnedgang i utgiftene på 1,3% i 2022, og 0,5% i 2023 og 0,3% i 2024. Hovudgrunnen til reduserte utgifter færre barn i barnehage og skular og færre flyktningar som treng busetjing.

Utvikling i netto finanskostnader

Finanskostnadane utgjør ein stadig større del av kommunen sine utgifter. Framleis så nyt kommunen godt av låge renter på lån, men kommunen er svært sårbar for renteauke. For nærare

om finanskostnadane og gjeldsgrad vert det vist til kapitelet som omhandlar økonomiske føresetnader. Utviklinga i finanskostnadane går fram av figuren under:



Rente og avdragsutgiftene med fråtrekk for rentekompensasjonen er budsjettert slik i 2021-2024.

	2021	2022	2023	2024
Netto rente- og avdragsutgift ekskl startlån	46 695	47 561	50 747	52 857
Rente - og avdragskompensasjon	- 1 800	-1 734	- 1 669	- 1 602
Sum netto rente- og avdragskostnad	44 895	45 827	49 078	51 255

Finansiering av dei planlagde investeringane vil føre til slik endring i finanskostnadene i økonomiplanperioden i forhold til nivået i 2021.

(tal i heile kr 1000)

	2022	2023	2024
Endring netto rente- og avdragskostnad	866	4 052	6 162
Endring rentekompensasjon	65	131	198
Sum endring netto rentekostnad	931	4 183	6 360

Rente- og avdragsutgiftene er nærare omtalt i kap 8.

Endringar i økonomiplanen 2022- 2024

Med utgangspunkt i årsbudsjettet 2021 så viser tabellen nedanfor endringane i driftsrammene i økonomiplanperioden 2022-2024. Endring i kostnader og inntekter som heng saman med endringar i demografi er innarbeida. Det same gjeld endringar i finanskostnader som har samanheng med framlegg til investeringsrammene.

Den største endringa som det er teke høgd for i økonomiplanen er reduksjon av flyktningmottak. Dette gjeld både ordinære flyktningar og einslege mindreårige flyktningar. Dette vil føre til endring på tenesteområda vaksenopplæring og flyktningmottak samt drift av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar.

	ØP 2022	ØP 2023	ØP 2024
Rammetilskot	2 166	5 088	5 470
Skatteinntekt	1 198	707	-715
Tilleggsføring statsbudsjett 2021	3 500	3 500	3 500
Eigedomsskatt	-400	-800	-1 200
Havbruksfondet	-16 000	0	-16 000
Integreringstilskot	4 677	3 742	4 379
Tilskot EMF	4 368	6 552	8 008
Rentekompensasjon	65	131	198
Avdragsutgifter	1 728	3 896	5 647
Renteutgifter	-863	156	514
Renteutgifter startlån	100	350	539
Renteinntekter startlån	-100	-250	-450
Andre renteinntekter	-98	-98	-98
Sum samla endring overordna inntekter og finans	341	22 974	9 792
Seksjon 7 Pensjon	-272	3 754	5 164
Premieavvik amortisering	2 447	8 028	10 631
Premieavvik	-2 719	-4 274	-5 467
Endring driftsutgifter seksjonane			
Seksjon 1 Sentrale styringsorgan	-469	0	-469
Valutgifter	-469	0	-469
Seksjon 2 Oppvekst, kultur og idrett	-12 268	-25 792	-36 531
EMF-bufellesskap	-1 200	-3 100	-4 600
Barn 0-6 demografiendring	-4 199	-8 307	-10 272
Demografiendring skuleborn	-3 080	-8 213	-14 666
Endring barnevern	-789	-1572	-2393
Vaksenopplæring, endring driftsbudsjett	-1 000	-1 100	-1 100
Vaksenopplæring , introduksjon	-2 000	-3 500	-3 500
Seksjon 3 Helse,sosial pleie og omsorg	2 443	6 686	12 936
Pleie og omsorg, demografiendring eldre	-1 625	3 449	7 949
Omsorgsbustader, dagaktivitetshus Moster	0	0	1750
Endring sosial og helse	-432	-763	-763
Habiliteringstenesta nytt bufellesskap netto kostnad	4 500	4 000	4 000
Seksjon 4 Teknisk og brann	856	856	1 856
Vedlikehald auka kostnad fleire bygg	500	500	1000
Føring auka inntekter	-144	-144	-144
Straum og forsikring	500	500	1000
Samla endring økonomiplan i forhold til budsjett 2021	-9 369	8 478	-7 252
Netto driftsresultat 2021	-9 690	-9 690	-9 690
Driftsresultat åra 2022 - 2024	-19 059	-1 212	-16 942

Det går fram av økonomiplanen at auken i rente- og avdragsutgiftene samt pensjonskostnadane veks meir enn realveksten i dei frie inntektene i 2 av åra (2023 og 2024). Tabellen under illustrerer dette:

	2022	2023	2024
Realvekst frie inntekter, havbruksfond og eiedomsskatt	-9 536	8 495	-8 945
Renter og avdrag på lån	832	4 185	6 350
Pensjonskostnad	-272	3 754	5 164
Sum finans og pensjonskostnad	560	7 939	11 514
Pensjon/finans i % av frie inntekter	5,9	-93,5	128,7

Det er difor ikkje midlar til nye tiltak i perioden utan at eksisterande tenester vert endra.

Samandrag:

Det er krevjande for kommunen å opparbeide seg eit netto driftsresultat opp mot det tilrådde 1,75%. Omlegginga av inntektssystemet har slått svært negativt ut for kommunen i tillegg til skattesvikten dei siste åra. Dette gjer det difor vanskeleg å få resultatet opp på dette nivået på kort sikt.

Kommunen har høg gjeld, noko som heng saman med eit ambisiøst investeringsprogram. Den høge gjelda gjer at kommunen er svært utsett for auke i rentenivået.

Kommunen må dekke inn tidlegare inntektsføringar av premieavviket i åra framover, noko som vil auke pensjonskostnadane, særleg i slutten av økonomiplanperioden. Ny pensjonsreform vil truleg føre til auka kostnad. Forventa realvekst i kommunen sine inntekter vil difor i stor grad gå med til å dekke pensjon og auka kapitalutgifter dei næraste åra.

Kommunen si likvide stode har blitt betra dei siste åra, men aukande premieavvik vil tappe likviditeten dei nærmaste åra. Kommunen har dei siste åra fått bygd opp disposisjonsfondet. Dette er no stort nok til å dekke premieavviket. Premieavviket aukar likevel sterkare enn fondsavsetjinga i økonomiplanperioden noko som på sikt gjer det naudsynt å auke netto driftsresultat og fondsavsetjingane.

Investeringar 2021-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsramme og finansiering av denne går fram av tabellen under (alle tal i heile 1000 kr)

Bevilgningsoversikt investering etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-5 første ledd. Tal i heile 1000.	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	141 650	161 100	109 200	100 200
Tilskot til andre sine investeringar	5 450	4 400	5 750	2 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 100	2 300	2 400	2 500
Utlån av egne midlar				
Avdrag på lån				
Sum investeringsutgifter	149 200	167 800	117 350	104 700
Kompensasjon for meirverdiavgift	-26 210	-30 960	-21 680	-19 680
Tilskot frå andre	-6 440	-34 080	-3 000	-35 000
Sal av varige driftsmidlar	-15 550		-1 000	
Mottatte avdrag på utlån av egne midler				
Bruk av lån	-90 000	-92 760	-83 470	-41 720
Sum investeringsinntekter	-138 200	-157 800	-109 150	-96 400
Vidareutlån	15 000	15 000	15 000	15 000
Bruk av lån til vidareutlån	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Avdrag på lån til vidareutlån	5 000	5 000	5 000	5 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Netto utgifter vidareutlån				
Overføring frå drift	-5 000	-5 000	-3 200	-3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond				
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-6 000	-5 000	-5 000	-5 000
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-11 000	-10 000	-8 200	-8 300

Spesifikasjon investeringar 2021-2024

Investeringar 2021-2024	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringar sentrale styringsorgan/felles postar				
IKT investeringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Rehab. Rådhuset, ventilasjonsanlegg	2 000 000	500 000	0	0
Digitalisering	500 000	500 000	500 000	500 000
SUM	5 500 000	4 000 000	3 500 000	3 500 000
Investeringar næring/infrastruktur				
Fiskerihamn Langevåg	5 000 000	5 000 000	0	0
Reguleringsplanarbeid	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sentrumsutvikling Svortland, gml BUS	1 000 000	0	0	0
SUM	7 000 000	6 000 000	1 000 000	1 000 000
Investeringar grunnskule				
Utstyr skule, ikt	2 200 000	2 300 000	2 400 000	2 400 000
Leikeapparat barneskular	400 000	400 000	400 000	400 000
Våge skule med uteområde	800 000	15 000 000	15 000 000	0
Meling skule- lærararbeidsplassar, sfo - base, grupperom	21 400 000	0	0	0
Rehabilitering skular	5 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
SUM	29 800 000	23 700 000	23 800 000	8 800 000
Investeringar kultur og idrett				
Utvikling Moster fram mot 2024 jubileum	1 000 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Turløyper	300 000	300 000	300 000	300 000
Nærmiljøanlegg, ballbingar	300 000	500 000	500 000	500 000
Rehabilitering basseng	0	0	0	15 000 000
SUM	1 600 000	2 300 000	2 300 000	17 300 000
Investeringar helse/sosial				
Moster omsorgsbustader/service-senter/legekontor	30 000 000	50 000 000	30 000 000	0
Byggtilpassing skjerma eining	2 500 000	3 000 000	0	0
Kjøkken BBH	3 000 000	4 000 000	0	0
Arbeids og aktivitetstilbod	100 000	0	30 000 000	40 000 000
Bygg rus og psykisk helse	10 000 000	27 000 000	0	0
Omsorgsbustader Svortland med personalbase	9 000 000	0	0	0

Investeringar 2021-2024	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Omsorgsbustader Haugen med personalbase 3 einingar	0	0	0	11 000 000
Utstyr/omsorgsteknologi/IPAD	750 000	750 000	750 000	750 000
SUM	55 350 000	84 750 000	60 750 000	51 750 000
Investeringar tekniske føremål				
Oppgradering kommunale bygg	3 000 000	4 000 000	4 500 000	4 500 000
Oppgradering kommunale vegar	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Kommunale kaier	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Veglys	400 000	400 000	400 000	400 000
Klima og miljøtiltak	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utsifting utstyr grønt og samferdsel	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Geovekst	250 000	250 000	250 000	250 000
Gatenamn - skilting	100 000	100 000	100 000	100 000
Trafikksikringsplan/tiltak	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
SUM	15 950 000	16 950 000	17 450 000	17 450 000
Investeringar brann/beredskap				
Rehabilitering/nytt utstyr brann	550 000	400 000	400 000	400 000
Planlegging/bygging ny brannstasjon	25 900 000	23 000 000	0	0
SUM	26 450 000	23 400 000	400 000	400 000
Kyrkjelege føremål				
Investeringsføremål - uspesifisert	5 450 000	4 400 000	5 750 000	2 000 000
SUM	5 450 000	4 400 000	5 750 000	2 000 000
Sum investeringar i anleggsmidlar	147 100 000	165 500 000	114 950 000	102 200 000
Felles				
Eigenkapitaltilskot KLP	2 100 000	2 300 000	2 400 000	2 500 000
Sum investeringar	149 200 000	167 800 000	117 350 000	104 700 000

Finansiering	2021	2022	2023	2024
Lån	-90 000 000	-92 760 000	-83 470 000	-41 720 000
Tilskot	-6 440 000	-34 080 000	-3 000 000	-35 000 000
Eigenfinansiering/momskompensasjon	-52 760 000	-40 960 000	-30 880 000	-27 980 000
Sum finansiering	-149 200 000	-167 800 000	-117 350 000	-104 700 000

Kommentarar:

Område	Tiltak
Sentrale styringsorgan	
<i>Utsmykking</i>	Midlar til utsmykking ligg inne i den samla investeringsramma og skal finansierast innan ramma til det enkelte investeringsprosjekt
<i>IKT</i>	IKT-investeringane har stått uendra over tid, og er minimums-investeringar. Årleg ikt- ramme er 3 mill.kr.
<i>Digitalisering</i>	Det er sett av midlar for å stimulere til auka digitalisere av kommunen.
<i>Rehabilitering av rådhuset, ventilasjonsanlegg</i>	Ventilasjonsanlegget i rådhuset held ikkje dagens standard. Det er trong for å skifte dette ut. Det vart sett av midlar i 2020 for å utgreie alternative løysingar. Det er no valt ei løysing som skal kunne gje tilfredsstillande luftkvalitet i rådhuset. I økonomiplanen vert det sett av 2 mill. kr i 2021 og 0,5 mill. kr i 2022 til føremålet.

Næring/infrastruktur	
<i>Fiskerihamn – Langevåg</i>	Nasjonal transportplan (NTP) la opp til å realisere dette prosjektet i 2024. Kommunen inngjekk ein avtale om gjennomføring med staten v/Kystverket i 2017. Her tok kommunen på seg kostnaden med utarbeiding av landskapsplan, arkeologiske utgravingar samt kjøp av rettar og grunn for etablering av steinbrot, anleggsvegar, areal for mellomlagring av stein og etablere utskipingsanlegg/omlasting av stein. Reguleringsplan er ferdig. Arkeologiske utgravingar, som ligg som føresetnad i planen, er ferdig i 2020 og området er frigitt. Landskapsplanen vert ferdig i 2020. Vestland fylkeskommune har gått inn i avtalen mellom kommunen og Kystverket då staten har overdrege ansvaret for fiskerihamner til fylkeskommunen. Fylkestinget vedtok å løyve midlar til molobygging i perioden 2024 – 2028. Dette inneberer at bygging av molo og etablering av fiskerihamn først vil komme etter 2024. Under føresetnad av at næringslivet på Søre Bømlo er viljug til å forskottere denne utbygginga slik at hamna kan realiserast tidlegare så føreslår ein at det vert sett av 5 mill. kr til grunnløyising i 2021 og 2022. Det er ein føresetnad at dette lar seg gjennomføre innanfor ei rimeleg og realistisk økonomisk ramme.
<i>Reguleringsplanar</i>	Det er sett av 1 mill. kr til reguleringsplanar som må utarbeidast i samband med investeringar
<i>Sentrumsvikling Svortland, gamle Bus</i>	Det er sett av 1 mill. kr til dette føremålet.

Område	Tiltak
Oppvekst, kultur og idrett	
<i>Utstyr skule - IKT</i>	Dette dekker leasingavtalar og suppleringskjøp på maskinvare og sikrar 1:1 dekning i Bømloskulen.
<i>Leikeapparat barneskular</i>	Årleg avsetjing som dekker naudsynt utskifting av leikeapparat og rehabilitering av leikeplassar ved skulane.
<i>Rehabilitering skular</i>	Kommunestyret har tidlegare prioritert ei gradvis oppgradering av skulane i Bømlo kommune. Me har kome godt i gang med denne oppgraderinga. Løyvinga til oppgradering av andre skular er lagt inn med 5 mill. kr i 2021 og årleg rammeløyving på 6 mill. kr i økonomiplan-perioden.
<i>Våge skule med uteområde</i>	Hovudbygning. Midlar er avsett til prosjektering i 2021 og med ei samla estimert ramme på 30,8 mill. over tre år.
<i>Meling skule</i>	Tilbygg, lærararbeidsplassar, SFO-base og trong for fleire grupperom. Prosjektet vart vedteke av kommunestyret i 2020 med bygging 2020 – 2021, med ei samla vedteken ramme på 28,4 mill. kr. 21,4 mill. kr er sett av til dette i 2021.
<i>Moster 2024</i>	I samband med 1000 års jubileet i 2024 er det sett av 5,5 mill. kr. til investeringar.
<i>Turløyper</i>	Det er sett av 1,2 mill. i økonomiplanperioden til turløyper. I tillegg ligg det tidlegare løyving på 0,5 mill. kr. til tursti Siggjo.
<i>Nærmiljøanlegg, ballbingar</i>	Det er sett av 1,8 mill. i perioden til nærmiljøanlegg. Det er eit særleg behov for rehabilitering av ballbingar.

Område	Tiltak
Helse og sosial	
Det er sett av 750 000 kroner årleg til rehabilitering/kjøp av utstyr/omsorgsteknologi som vert nytta på ulike område innanfor helse, sosial pleie og omsorg. Dette er nyttige midlar som også har direkte innverknad på arbeidsmiljø for tilsette.	
<i>Bygg psykisk helse</i>	Det er sett av til saman 37 mill. kr til dette prosjektet, av dette er 10 mill. kr sett av i 2021 og resten i 2022. Skisseprosjekt pågår.
<i>Kjøkken BBH</i>	Det er trong for oppgradering av kjøkkenet ved BBH, midlar til dette er lagt inn i 2021/2022 med 7 mill. kr. Kommunen får ikkje husbankmidlar til dette tiltaket då kommunen alt har eit kjøkken i drift.
<i>Skjerma eining</i>	Kommunen har ikkje skjerma institusjonsplassar for utagerande pasientar. Det vert sett på ulike løysingar. Søkelen på sjukeheimen kan vere eit alternativ. Det er sett av inntil 5,5 mill. kr til dette, av dette 2,5 mill. kr i 2021. Må utgreiast nærare.
<i>Moster omsorgsbustadar, servicesenter/-legekontor</i>	Legekontoret har vore på anbod og kommunestyret har vedteke å kjøpe dette. Planlegginga av bygging av 12 heildøgns omsorgsbustader samt dagaktivitetstilbod med tilhøyrande uteområde er ferdig. Samla kostnadsestimat er på 110 mill. kr i 2021 -2023 i tillegg til 10 mill. kr sett av i 2020 budsjettet. Kommunen har søkt om 34 mill. kr i tilskot frå staten til bygging av omsorgsbustader og dagaktivitetstilbodet. Det vil og bli søkt om tilskot til uteområde.
<i>Arbeids – og aktivitetstilbod</i>	Utgreiing pågår 2020/2021. Politisk sak juni 2021. Kr.100.000 avsett til skisseprosjekt/mulighetsstudie 2021.
<i>Omsorgsbustadar Svortland</i>	Ei foreldregruppe har kontakta kommunen med planar om å byggje 5 husvære for sine funksjonshemma barn/ungdommar med kommunal base for tilsette i tilknytning til husværa. Dette vil bli etablert som eit burettslag. For at husværa skal kunne nytta seg av husbanken sine tilskotsordningar må kommunen formelt stå som utbyggjar. Vidare må prosjektet med i kommunen sine investeringsplanar. Investeringssummen inkluderer personalbasen, og samla vert dette dekkja av sal til burettslaget og tilskot frå Husbanken samt momskompensasjon.

Område	Tiltak
Tekniske tenester	
<i>Kommunale kaiar:</i>	Kommunen har stengt tre kaiar, og fleire vert truleg stengd for ålmenta fordi kaiane er i for dårleg stand til at det er forsvarleg å vera i offentleg bruk. Her treng me truleg 3-4 millionar kroner for å rusta kaiane opp til forsvarleg stand. Kommunedirektøren gjer framlegg om å bruke 1,2 millionar kroner kvart av dei komande fire åra.
<i>Kommunale vegar:</i>	Kommunen har fått fleire vegar overført til seg frå fylkeskommunen. Fleire vegar vil bli overført i takt med at dei nye fylkesvegane vert ferdigstilt. Det er sett av 6 mill. kr årleg til kommunale vegar.
<i>Trafikksikring og veglys</i>	Avsetjinga på 2 millionar kroner til trafikksikringstiltak er relatert til trafikksikringsplanen som vart vedteken i 2019. Til nye veglys er det sett av 0,4 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.
<i>Bygg og utstyr</i>	Teknisk har spesifisert trong for utskifting av ein del utstyr, mellom anna ny feiebil, ny pick-up med utstyr, kantklippar og motorisert plenklippar. Det er sett av ein årleg sekkepost til rehabilitering/oppgradering kommunale bygg utanom skulebygg med 3,0 mill. kr i 2020 og deretter 3,5 mill. kr. årleg i økonomiplanperioden.
<i>Fiskerihamn – Langevåg</i>	Nasjonal transportplan (NTP) la opp til å realisere dette prosjektet i 2024. Kommunen inngjekk ein avtale om gjennomføring med staten v/Kystverket i 2017. Her tok kommunen på seg kostnaden med utarbeiding av landskapsplan, arkeologiske utgravingar samt kjøp av rettar og grunn for etablering av steinbrot, anleggsvegar, areal for mellomlagring av stein og etablere utskipingsanlegg/omlasting av stein. Reguleringsplan er ferdig. Arkeologiske utgravingar, som ligg som føresetnad i planen, er ferdig i 2020 og området er frigitt. Landskapsplanen vart ferdig i 2020. Vestland fylkeskommune har gått inn i avtalen mellom kommunen og Kystverket då staten har overdrege ansvaret for fiskerihamner til fylkeskommunen. Fylkestinget vedtok å løyve midlar til molobygging i perioden 2024 – 2028. Dette inneberer at bygging av molo og etablering av fiskerihamn først vil komme etter 2024. Under føresetnad av at næringslivet på Søre Bømlo er viljug til å forskottere denne utbygginga slik at hamna kan realiserast tidlegare, så føreslår ein at det vert sett av 5 mill. kr til grunnløyving i 2021 og 2022. Det er ein føresetnad at dette lar seg gjennomføre innanfor ei rimeleg og realistisk økonomisk ramme.

Område	Tiltak
Brann Brann har dei siste åra fått gjort store investeringar i nye brannbilar og tankvogn. Brann har difor ikkje behov for ekstra midlar ut over naudsynte midlar til driftsutstyr. Behovet for ny brannstasjon er aukande. Dagens fasilitetar er tronge og lite brukareffektive, og det fysiske arbeidsmiljøet er på ingen måte optimalt.	
<i>Personellutstyr</i>	Me har i det siste sett auka fokus på kreftfare for brannpersonell. Det heng også saman med oppbevaring og reingjering av utstyr (klesdrakt osv.) for sløkking av farefulle brannar. Det er sett av kr. 400 000 årleg til dette.
<i>Ny brannstasjon</i>	Det er bestemt at ny brannstasjon skal lokaliserast på prestebustadtomta i Svortland sentrum. I økonomiplanen 2020 – 2023 var det sett av 51 mill. kr til føremålet, kor 2,1 mill. kr vart løyvd i 2020. I økonomiplanen for 2021 -2024 er det sett av 48,9 mill. kr til dette. Det vert arbeidd med å tilpasse prosjektet ny brannstasjon innanfor denne kostnadsramma.

Område	Tiltak
Kyrkjeleg Fellesråd Det er lagt inn 13,6 mill. kr til investeringar i kommunen sin økonomiplan i åra 2020-2024 innafor kyrkjeleg fellesråd sitt område. Midlane er tenkt til opprusting av gravplassar, startløyving nytt orgel på Moster og oppgradering Bømlo kyrkje.	

Tilskot til samfunn, lag og organisasjonar

	Vedtak 2019	Vedtak 2020	Forslag B2021
Kulturminnevern/museum:			
Hummarparken	10 000	11 000	12 000
Baadehuset	10 000	11 000	12 000
Gullgruvane på Lykling	10 000	11 000	12 000
Bømlo gamle kyrkje	20 000	21 000	25 000
Sunnhordland folkemuseum	75 000	78 000	80 000
Fortidsminneforeininga Moster gamle kyrkje	10 000	11 000	12 000
Sum kulturminnevern/museum	135 000	143 000	153 000
Prisar/stipend			
Kenneth Sivertsen pris	0	25 000	00
Kulturpris/stipend	25 000	25 000	25 000
Sum prisar	25 000	50 000	25 000
Aktivitetsmidlar/driftsmidlar			
Til disp. utval kultur,næring,idrett og miljø	158 000	200 000	225 000
Bømlo idrettsråd	25 000	26 000	26 000
Generelt tilskot til idrettslag og liknande	256 000	190 000	200 000
Generelt tilskot andre lag og organisasjonar		75 000	85 000
Bømlo Folkehøgskule -fredsfestival	5 000	5 000	5 000
Sum aktivitetsmidlar/driftsmidlar	444 000	496 000	541 000
Sum budsjetttert på seksjon 2	604 000	689 000	719 000
Introduksjon for nye innbyggjarar - ordførarkaffi	20 000	0	0
Bømlo frivilligsentral*	636 000	655 000	0
Moster Amfi AS	947 000	976 400	1 003 000
Bømlo Teater	495 000	511 000	525 000
Tilskot til grendeutvala	89 000	90 000	90 000
Reiseliv Sunnhordland	226 800	234 000	234 000
Ungt entreprenørskap	35 000	37 000	37 000
Sum budsjetttert seksjon 1	2 448 000	2 503 400	1 889 000
Total sum tilskot	3 077 800	3 192 400	2 608 000

* tilskot til Bømlo frivilligsentraler trekt ut av rammetilskotet til kommunen. Frivillighetssentralane vil frå og med 2021 få øymerke statstilskot.

Tilskota er i hovudsak prisjustert.

Budsjett 2021, økonomiplan 2021–2024, presentasjon av hovudområda/seksjonane

Tenesteytinga i Bømlo kommune er organisert i 5 ulike seksjonar. I tillegg har me to hovudområde 7-8 der budsjetteringa skjer sentralt.

I seksjon 1 til 5 finn me dei tenestebaserte seksjonane. På hovudområde 7 vert ikkje fordelte utgifter, som avsetnad til lønsoppgjeret, premieavviket på pensjon og liknande budsjettert. På hovudområde 8 vert dei økonomiske rammeføresetnadane budsjettert, dvs. netto finansutgifter, rammetilskotet, skatteinntekter og eigedomsskatt. I tillegg vert inntekter knytt til busetjing av flyktningar og einslege mindreårige flyktningar budsjettert her.

Kommunedirektøren legg fram eit årsbudsjett i balanse, med eit netto driftsresultat på 13,1 mill. kr. som vert disponert til investering fiskerihamn Langevåg 2,987 mill. kr, rest vert avsett til disposisjonsfond. Økonomiplanen vert lagt fram i balanse etter at positive driftsresultat vert avsett til disposisjonsfond.

Kommunen budsjetterer ikkje med momskompensasjonssinntekter og utgifter. Verksemdene får behalda momskompensasjonssinntekta fullt ut, og følgeleg så vert ikkje nettoramma påverka. Det same gjeld refusjonssinntektene for sjukefråvær og foreldrepermisjonar. Verksemdene beheld desse og kan disponera dei til leige av vikarar.


Kommunedirektøren fremjar følgjande forslag til rammer for dei 7 ulike seksjonane/hovudansvars-områda for 2021-2024.

	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Sum løyvingar drift, netto	762 464	752 754	747 969	745 421
Sentrale styringsorgan	54 688	54 219	54 688	54 219
Oppvekst, kultur og idrett	376 126	363 858	350 334	339 595
Helse, sosial og omsorg	272 643	275 086	279 329	285 579
Tekniske tenester og brann	56 836	57 692	57 692	58 692
Kyrkjelege føremål	8 316	8 316	8 316	8 316
Tilleggsloving - premieavvik	-6 369	-6 641	-2 615	-1 204
Økonomiske føresetnader	226	226	226	226

Tabellen under viser hovudoversyn fordelt på sentrale inntekter, nettorammene og netto finans. Linja løyvingar drift, netto er fordelt på hovudansvarsområda/seksjonane i tabellen ovanfor. Avsetjing til disposisjonsfondet går fram av linjene netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond og sum disponering av netto driftsresultat.

	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-362 981	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-367 765	-366 567	-367 058	-368 480
Eigedomsskatt	-37 061	-37 461	-37 861	-38 261
Andre generelle driftsinntekter	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
Sum generelle driftsinntekter	-816 794	-817 220	-797 874	-813 154
Sum løyvingar drift, netto	762 464	752 754	747 969	745 421
Avskrivingar	41 000	41 000	41 000	41 000
Sum netto driftsutgifter	803 464	793 754	788 969	786 421
Brutto driftsresultat	-13 330	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytter	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	16 703	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	31 284	33 012	35 180	36 931
Netto finansutgifter	44 639	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivingar	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
Netto driftsresultat	-9 691	-19 059	-1 212	-16 942
Overføring til investering	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetjingar til eller bruk av bundne fond	-800	-600	-600	-600
Netto avsetjingar til eller bruk av disposisjonsfond	5 491	14 659	-1 388	14 242
Sum disponering av netto driftsresultat	9 691	19 059	1 212	16 942
Framført til dekning i seinare år	0	0	0	0

Sentrale styringsorgan



Under koronapandemien er digitale møter blitt det daglege.

(Skjermdump Bømlo kommunetv.no)

På hovudansvarsområde 1 - sentrale styringsorgan er det budsjettert utgifter til dei politiske styringsorgana samt følgjande administrative funksjonar:

- Kommunedirektør, kommunalsjefar, utgifter til beredskap, utgifter til samarbeidsrådet
- Kommunedirektøren sine stabsfunksjonar: informasjon, kommuneplanleggjar, folkehelsekoordinator, kommuneoverlege og kvalitet og beredskap
- Personalkontoret og alle utgiftene til lærlingane i kommunen
- IKT
- Økonomiavdelinga
- Kommunale fellesutgifter, personforsikringar, bedriftshelseteneste
- Fellessekretariatet, kundetorg og arkiv
- Utgifter til tillitsvalte og hovudverneombod
- Næringsarbeid og tilskot
- Ymse kommunale utgifter til leigebustader

Kommunedirektøren føreslår følgjande driftsramme til sentrale styringsorgan:

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Sentrale styringsorgan	50 206	52 446	54 688	54 219	54 688	54 219
Vekst i %		4,5 %	4,3 %	-0,9 %	0,9 %	-0,9 %

Årsaka til auka vekst utover løns – og prisvekst frå 2020 til 2021 skuldast i hovudsak dette: (tal i heile 1000 kr)

Val i 2021 auka utgifter	453
Rammereduksjon fordelt på verksemdene i kommune	936
Tenestepensjon til lærlingar	850
Skatteoppkrevjar avvikla , heilårsverknad	-825
IKT- reduserte inntekter Elements	500
Tilskot frivillighetssentralen avvikla tilskot 2021	-655

Område	Kommentar
Politiske styringsorgan	Ansvarsområdet omfattar alle politiske utval og kostnader til kontroll og revisjon. Kostnader til drift av kontroll og revisjon er budsjetttert i samsvar med kontrollutvalet sitt budsjettframlegg. Kontrollutvalet innstiller sjølv på si budsjetttramme ovanfor kommunestyret. Utgifter til val er lagt inn i valåra i økonomiplanen.
Kommunedirektør med stab og støtte-tenester	I hovudsak er budsjetttramma for 2020 vidareført med prisjustering innanfor dei sentrale administrative tenestene i kommunen. Driftstilskot til samarbeidsrådet er budsjetttert med 403 000 kr. Personal: Bømlo kommune er ein stor arbeidsgjevar med over 1000 tilsette. Praktisk personalarbeid er delegert til verksemdene. Sentralt har kommunen 3, 5 årsverk som arbeidar direkte med rådgjeving innan personalfeltet, samt utvikling av felles system og retningslinjer for kommunane sin personalpolitikk. Avdelinga har det overordna ansvaret for lærlingane i kommunen. Økonomiavdelinga administrerer startlånsordninga og vederlagsberekning for institusjonsbebuarene. Deltaking i interkommunal innkjøpsordning er budsjetttert med 327 000 kr. Kommunen sel tenester for kr. 400 000 innan e-handel til andre kommunar, tilsvarende eit halvt årsverk. Det er budsjetttert med eit lån på 15 mill. kr til startlånsordninga i 2021. Kommunen har budsjetttert med kr 500 000 til etableringstilskot/utbetringstilskot. Skatteoppkrevjar: Vart overført til staten i 2020. Ramma vart redusert med 0,825 mill. kr, årsverknad 1,65 mill kr

Område	Kommentar
Beredskap	Kommunedirektøren har budsjettert med 164 000 kr. til opplæring, øving og andre beredskapstiltak for 2021.
Lærlingar	Lærlingane er ein viktig ressurs for verksemdene der dei har si opplæring. Det er vedtak om 12 nye lærlingar i 2021. Pr no har me lærlingar innan barne- og ungdomsarbeid, helsefagarbeid, IKT, kontor- og administrasjon, samt institusjonskøkk. Bømlo kommune er medlem av Bømlo Opplæringskontor, som er eit tverrfagleg opplæringsorgan for private verksemdar og Bømlo kommune. Kontoret skal kunne tilby læreplassar i alle lærefag innan privat og offentleg arbeidsliv etter at arbeidsplassen er godkjend som opplæringsverksemd i faget. Ein annan viktig funksjon er å fremje samarbeid skule-arbeidsliv. Bømlo kommune er sekretariat for opplæringskontoret.
IKT	IKT avdelinga har 6 tilsette. Tre av lærlingane er knytt til avdelinga. Bømlo kommune har driftsansvar for sak- og arkivsystem for andre kommunar. Dette gir kommunen inntekter som delfinansierer IKT-stillingane. Haugesund og Tysvær kommune har trekt seg ut av samarbeidet. Dette fører til reduserte netto inntekter i 2021 med om lag 0,5 mill. kr.
Næring, tilskot	Det er budsjettert med kr 2 576 000 kr til dette i 2021. Kjøp av 1-linjeteneste er budsjettert med 358 000 kr. Det er i tillegg sett av 1 528 000 kr. til tilskot, jfr tabell oversyn tilskot. Det er ikkje sett av midlar til tilskot til Bømlo frivilligsentrali 2021 då kommunen sitt rammetilskot er redusert og den statlege løyvinga vert gitt som eit øyremerka tilskot.

Oppvekst, kultur og idrett



Flott nytt uteanlegg ved Hillestveit skule.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Generelt

Å førebyggje - framfor å reparera - er god samfunnsøkonomi og fører til betre livskvalitet. Dette perspektivet har vore viktig i budsjettet dei siste åra og kommunedirektøren ønskjer i så stor grad som mogleg å vidareføre dette også i 2021.

Tap av inntekter og synkande barnetal, gjev større økonomiske utfordringar for oppvekst enn tidlegare, og trenden med færre barn ser ut til å halde fram dei neste åra.

Kommunedirektøren meiner det må gjerast strukturendringar for å finne eit berekraftig driftsnivå for seksjon 2 og samstundes skape reelt handlingsrom til å delta i nye satsingar og tiltak. Prosessen med rullering av skulebruksplanen i 2021 blir såleis sentral i vidare planlegging.

For å unngå store kutt har kommunedirektøren i budsjettet for 2021 tatt større risiko samanlikna med fjoråret; både når det gjeld inntekter og i fastsetjing av rammer for einingar der me ikkje direkte kan styre tenestenivået, t.d. barnevernet. Nokre einingar har også fått mindre reduksjonar i sine driftsrammer.

Grunnskulane står ovanfor eit omfattande fagleg utviklingsarbeid med *Kunnskapsløftet 2020*. Ny overordna del og nye læreplanar i alle fag skal implementerast og dette vil krevje systematisk arbeid over tid i heile organisasjonen. Kommunedirektøren legg opp til å redusere driftsnivået på grunnskule med 1,5 mill. samanlikna med inneverande år.

Dei to siste åra er det investert betydeleg i IKT-utstyr, og skulane er godt rusta med maskinvare for å drive ei god opplæring i digital kompetanse.

Kommunedirektøren har likevel ikkje funne rom for å utvida skulane sine driftsrammer slik kommunestyret tidlegare har bede om, og erkjenner at dette vil bli krevjande med både IKT-satsing og nye læreplanar. Særleg vil utskifting av ein del læreverk som framleis må vere i bokform bli dyrt og behovet for digitale læremidlar veks kraftig.

Kommunedelplanen for oppvekst vert elles følgt opp med ein revidert handlingsplan der konkrete tiltak vert synleggjort; m.a. vidareføring av satsing på lesing/språk og trygge og gode læringsmiljø.

Arbeidet med å auke kvaliteten på det tverrfaglege arbeidet i møte med barn/unge/familiar som strevar held fram i 2021. Det vert jobba med tidleg intervensjon, betre foreldresamarbeid og heilskaplege tenestetilbod.

Arbeidet med planlegging av riksjubileet for innføringa av *Kristenretten* i 2024 held fram og det vert jobba vidare med å sikre statleg finansiering for selskapet Moster 2024 AS.

Kommunedirektøren vil prioritere (drift)
• Prioritere førebyggjande arbeid for barn og unge
• Halde fram arbeidet med satsing på språk og lesing
• Sikre barn og unge trygge og gode læringsmiljø gjennom deltaking i satsinga <i>Inkluderande barnehage- og skulemiljø</i>
• Delta i desentralisert kompetanseutviklingsordning
• Vidareutvikle tiltaksapparatet for born og familiar som treng ekstra støtte
• Betre tverrfagleg samarbeid gjennom vidareutvikling av <i>BTI-modellen</i>
• Følgje opp statleg satsing på intensiv opplæring og tidleg innsats i grunnskulen
• Gjennomføre eit kvalitetsløft i skulefritidsordninga (SFO)
• Delta i pilotprosjekt med Høgskulen på Vestland
• Bidra til framdrift i arbeidet med riksjubileet Moster 2024
• Vidareføre satsinga på skulebibliotek ved grunnskulane

Kommunedirektøren vil prioritere (investering)

- Meling skule: nye klasserom, personalrom og eigen SFO-base – 21,4 mill.
- Rehabilitering skular – 5 mill.
- Vidareføre ramme til fornying av leikeplassar ved skulane - 400'
- Rehabilitering av ballbingar ved skulane – 500'
- Vidareføre ramme på 2,1 mill. til læremateriell/IKT-utstyr grunnskule
- Starte planlegging av ny hovudbygning Våge skule - 800'
- Gangsti Grindheim-Moster skule med lys – 500'
- Nærmiljøanlegg – 300'
- Turløyper – 300'
- Tursti Siggjo – 500'

Kommunedirektøren legg opp til ei totalramme for hovudansvarsområde 2 for 2021 på 376 mill. Dette er ein rasjonalisering på 10 mill. samanlikna med inneverande år. Hovuddelen av innsparinga er knytt til reduksjon i tilbodet til unge, einslege mindreårige flyktningar, samt kutt i rammetimetall og ein del mindre reduksjonar.

Kommunedirektøren har ikkje funne rom for:

- Å auke driftsrammer til skulane (særleg læremidlar)
- Å setje av eiga ramme til utskifting av lærebøker/læremidlar
- Å styrke tilbodet i kulturskulen til elevar med nedsett funksjonsevne
- Å oppretthalde tenestenivået på integreringsfeltet
- Å auke midlar til tospråkleg fagopplæring i grunnskulen
- Midlar til å etablere utekontakt-ordning med tanke på rusførebygging
- Midlar til nye tiltak retta mot ungdom med samspelsvanskar
- Å setje av eigne tilskotsmidlar til frivillige lag og organisasjonar knytt til drift
- Utviklingsressursar til å vidareutvikle teknologi for lokalhistorisk formidling
- Oppfølging av tiltak i kulturminneplanen

Grunnskule felles

Dette ansvaret dekker ein del fellesavtalar for skulane, mellom anna knytt til:

- Etter- og vidareutdanning
- Kjøp av tenester i andre kommunar (Barn i fosterheim i andre kommunar)



- Læringsplattform og skuleadministrativt system
- Felles avtalar knytt til kopiering, samt bruk av audio- og audiovisuelle produksjonar
- Ulike IKT-program og lisens-avtalar
- Samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk senter (SAPT)
- Det regionale samarbeidet innafor barnehage, skule, kulturskule og PPT (Forum for Oppvekst i Sunnhordland)

Aktivitet i sløydsalen på nye Bremnes ungdomsskule.
(Foto: Simon K. Sortland)

- Alternativ skulearena på Alvsvåg
- Andre mindre fellesoppgåver for grunnskulane
- Stabsfunksjonar og SLT-koordinator knytt til rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid ligg også på dette ansvaret, inklusiv MOT-programmet som me har etablert på ungdomsskulane, samt «AV-og-TIL».

Skulane har knappe driftsbudsjett og difor lite handlingsrom til å kjøpe materiell til praktisk-estetiske fag og valfag, samt liten evne til å dekke t.d. transportkostnadar ved ulike ekskursjonar. Behovet for auka rammer er ekstra stort knytt til implementering av nye læreplanar. Kommunedirektøren har likevel ikkje funne rom i budsjettet for å styrke skulane sine driftsrammer.

Det vert lagt opp til å vidareutvikle kvaliteten i SFO-tilbodet, som me har ved alle barneskular. Prøveprosjekt knytt til mat i SFO vert gjennomført ved fleire skular og kulturskulen testar ut samarbeid med SFO-tilbodet.

Barnehage

Kommunen har, saman med barnehagane, sett i gong omfattande satsingar på læringsmiljø og språk som vil bli vidareført i 2021. På same måte vil kommunedirektøren også følge opp arbeidet med rammeplan – mellom anna gjennom tilsyn. Kommunen vil stimulere barnehagane til deltaking i den regionale kompetanseutviklingsordninga, og invitere barnehage-eigarane til enno tettare samarbeid om felles satsingar.

Det ser ut til at barnetalet i barnehage vil gå ned samanlikna med dagens nivå.

Bømlo vaksenopplæring (BVO)

Bømlo vaksenopplæring tilbyr introduksjonsprogram for flyktningar, norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, grunnskuleopplæring for personar over 16 år, spesialundervisning for vaksne, samt ei rekke andre språk og arbeidsrelaterte kurs og tilbod.

På grunn av reduksjon i tal busette flyktningar både i kommunen og i landet generelt, er det noko færre deltakarar i introduksjonsprogrammet komande år. Det er likevel slik at tenesta opplever at deltakarane i større grad enn tidlegare har utfordringar knytt til helse, traume og manglande skulegang frå heimlandet. Det er svært krevjande å leggje til rette for dette.

Med ny integreringslov frå 01.01.21 står kommunen ovanfor store endringar på integreringsfeltet. Bømlo vaksenopplæring vil særleg bli råka av dette. Ny lov stiller nye og økte krav til kommunen og også til den som skal integrerast. Me ser ei tydeleg dreining mot høgare formelle krav og også meir formell utdanning. Fylkeskommunen overtar også ein del oppgåver frå IMDi og særleg BVO må samarbeide tettare med dei. Andre endringar er m.a. nye læreplanar i norsk og samfunnskunnskap, arbeid med livsmeistring, foreldre-rettleiingsprogram og arbeidsretta norskopplæring.

Vaksenopplæringa vert finansiert gjennom vanleg rammetilskot, ulike integreringstilskot og prosjektmidlar. Midlane frå rammetilskotet skal sikra vaksne sin rett til grunnskuleopplæring. Integreringstilskota skal mellom anna finansiera introduksjonsprogrammet, kor brukaren får løn.

Kulturskulen

Kommunedirektøren vidarefører tilbodet i kulturskulen, men med ei noko redusert driftsramme. Elevtalet er aukande - særleg på dans.

Ein har ikkje funne rom for å styrke kulturskuletilbodet for elevar med nedsett funksjonsevne.

Over fleire år har ein avsett ein eigen pott til å stimulere samarbeid mellom kulturskule og grunnskule. Ei evt. vidareføring av dette vert å koma attende til ved handsaming av rammetimetalet.

Barne- og familietenesta

Dette omfattar tenestene PPT, helsestasjon, skulehelseteneste, sosialkontortenester (barn og unge), avlastningsbustad og førebyggjande barne- og ungdomsarbeid.

Kommunedirektøren legg opp til ei vidareføring av tilbodet i helsestasjon/skulehelsetenesta slik at kommunen samla sett er på norm når det gjeld bemanning.

PPT og førebyggjande tiltaksteam representerer ein tverrfagleg stab med god kompetanse. Delar av drifta er finansiert av prosjektmidlar då det alltid vil vere noko utviklingsarbeid knytt til dette fagfeltet.

Tenesta har fleire tilbod knytt til foreldrerettleiing og rettleiing av tilsette i barnehage og skule. Bømlo er ein TIBIR kommune (Tidleg Innsats for Barn i Risiko) med tiltak til foreldre, helsestasjon, barnehagar og skular knytt til barn som har utfordringar i samspel med vaksne og/eller andre barn.

Ramma til sosiale tenester for barn og unge vert vidareført. Dette er tenester som blir vurdert ut frå rettar i helse- og omsorgslova som støttekontakt, avlastning og omsorgsløn for barn og unge under 18 år.

Tilbodet ved avlastningsbustaden vert vidareført på same nivå som i 2020.

Barnevern

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Bømlo, Fitjar og Stord. Stord er vertskommune. Barnevernet skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår, og sikra at dei som lever under tilhøve som kan skada helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg. Brukarmedverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling er særlege fokusområde.

Barnevernstenesta har som målsetting at fleire barn skal få hjelp i eigen familie og at ein i mindre grad skal plassera barn akutt. Dette samstundes som ein berre unntaksvis skal nytta tiltak som medfører flytting av barn over 12 år ut av eigen heim. Føresetnaden for at ein skal nå ei slik målsetjing er at tenesta disponerer varierte og gode tiltak som kan tilpassast behovet til barn og familiar. På same tid skal praksisen fylle kravet i lova om forsvarlege tenester.

Tenesta førebur seg saman med samarbeidskommunane på dei varsla endringane i barnevernsreforma og utarbeidar i desse dagar ein plan for eit prosjekt med førebels tittel: Til fosterbarnets beste - saman om å styrka fosterheim og biologisk heim.

Tenesta vil søkja Bufdir om stimuleringsmidlar til dette prosjektet som har som mål:

- å styrka biologiske foreldre sin kompetanse med tanke på tilbakeføring og samvær
- å auka fosterfamiliar sin kompetanse om samarbeid med biologiske foreldre
- traumebevisst omsorg
- å bidra til betre samarbeid mellom fosterforeldre og biologiske foreldre
- å auka kompetansen om samarbeid mellom fosterforeldre og biologiske foreldre
- fosterheimsgodkjenningar med meir internt i tenesta

Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste har dei siste åra utvida og styrka tilbodet om metodisk rettleiing til familiar for å støtta og utvikla føresette sin omsorgskapasitet. Dette vert det jobba vidare med i 2021, då med særleg fokus på å etablera eit enno betre og meir systematisk tilbod til familiar. Dette for i større grad å kunna hindra at barn kjem i situasjonar der dei ikkje lengre kan bu med sin familie. Budsjett for 2021 byggjer på same aktivitetsnivå som i 2020.

Bufellesskap for einslege mindreårige flyktingar

Som ein konsekvens av at kommunen ikkje lenger får førespurnadar om å busetje einslege, mindreårige flyktingar vil drifta ved Laurhammer bufellesskap avviklast i sin noverande form. Kommunedirektøren er i ferd med å gjennomføre ein nedbemanningsprosess. Ungdommane vil heretter bu i eigne hyblar med oppfølging av fagpersonar/miljøtiltak. Målet er å ruste dei til eit aktivt og sjølvstendig liv.

Kultur/idrett/barne- og ungdomsarbeid

Bømlo kommune har svært mange aktive, frivillige lag og organisasjonar, som representerer ein viktig ressurs i folkehelsearbeidet. Nivået på aktivitetsmidlar (politisk fordeling) til kultur og idrett og midlar til Bømlo idrettsråd vert vidareført på dagens nivå.

Budsjettet finansierer mellom anna rådgjevarstillinga på kultur og idrett og tiltak innanfor *den kulturelle skulesekken* og *den kulturelle spaserstokken*.

Kommunen har framleis ungdomsklubb i Bygdatunet på Langevåg, med samla 0,32 årsverk. Dette er eit tiltak som fungerer godt, med høgt belegg. Kommunen dekkar ein del løns- og driftsutgifter for fritidsklubb på Moster, men denne er i frivillig regi.

Bømlo folkebibliotek

I 2021 vil biblioteket ha fokus på å utvikle gode driftsrutinar i lag med dei andre aktørane i Bømlo kulturhus. Biblioteket har fått gode rammer for å utvikle seg vidare som debatt-, kultur- og læringsarena, samstundes som kommunen skal ha fått eit enno meir komplett kulturhus.



Opning av Kulturhusbiblioteket.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Biblioteket driv elles ei rekkje prosjekt og tiltak både aleine og i lag med ulike lag og organisasjonar og er ein svært sentral aktør i integreringsarbeidet. Dette er delvis finansiert med eksterne midlar.

Ut over dette legg kommunedirektøren opp til å vidareføre bibliotekdrifta, med hovudbibliotek på Svortland og filialar på Langevåg og Våge. Ordninga med bibliotekfilial i Moster amfi skal evaluerast ved årsskiftet 2020/2021.

Bømlo symjehall

Bømlo symjehall skal framleis vidareutvikle sitt tilbod knytt til rehabilitering/folkehelse. På tross av koronasituasjonen er tilbodet i aktiv bruk. Kommunedirektøren legg opp til å forsterke desse tilboda i 2021, samstundes som ein skal ivareta tilrettelegginga for symjeopplæring og aktiv trening. Bømlo symjehall er i gong med symjeopplæring for innvandrar – eit tilbod som vert vidareført neste år.

Badevertane i Bømlo symjehall held fram med reinhald i våtsona. Dette gjev eit betre tilbod for publikum og meir effektiv utnytting av ressursane. Tilbodet i «badebutikken» skal utviklast vidare.

Helse, sosial og omsorg



Risbudalen bufellesskap ligg mellom Raunevarden og Hollundsдалen industrifelt.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Målsetjing - Helse, sosial og omsorg (HSO):

«Bømlo kommune skal stimulera og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premissar meistarar eige liv. Bømlo kommune skal tilby innbyggjarane som har behov for hjelp og bistand individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad».

Kommunedelplan HSO 2017 -2027 og handlingsplan 2020 er i samsvar med nasjonale føringar og overordna målsetjing i kommuneplanen sin samfunnsdel.

1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som tilretteleggjar og koordinator.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistering, organisering og lokalisering)
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse

Kommunedelplan HSO skal rullerast i 2021 og ny handlingsplan 2021 skal utarbeidast og politisk godkjennast.

Generelt om budsjett 2021

Kommunedelplan og handlingsplan for HSO er førande for val og prioriteringar i hovudansvarsområde 3 sitt budsjett for 2021.

Kommunedirektøren legg hovudsakleg opp til vidareføring av drift frå 2020. Rammene gjev grunnlag for at kommunen kan yte gode og forsvarlege tenester òg i 2021. Dette gjennom dyktige og utviklingsorienterte medarbeidarar og leiarar.

Det må likevel merkjast at budsjettet er svært stramt. Det har økonomiske risikoområder som må følgjast tett, og det er i liten grad funne «friske» midlar til nye tiltak. Nye tiltak og tilbod må difor skapast og utviklast gjennom omstilling og bruk av tidsavgrensa prosjekt med ekstern finansiering. Det er sett av kr. 800.000 til utviklings-/omstillingsmidlar dekkja over fond.

Demografisk utvikling og økonomiske rammefaktorar tilseier at strukturelle endringar og må vurderast i komande år for å sikre berekraftig driftsnivå og handlingsrom til nye satsingar og tiltak. Herunder tidleg innsats og førebygging.

Prioriterte utviklingstiltak

HSO har med utgangspunkt i årlege handlingsplanar sett i gang ei rekke utviklingstiltak. Nedanfor følgjer utdrag av tiltak som pågår og vil bli vidareført, og nye som vil bli sett i verk (jfr Kommunedelplan og handlingsplan HSO).

- **Heimetenester**

Utvikla ei framtidig organisering av somatiske heimetenester, og evt. samorganisering av heimetenester og korttidsplassar. Auka fokus på heimerehabilitering og digital dialog med brukarar og pårørande. Utprøving av omsorgsteknologi og ambulant dagtilbod.

- **Omsorgsbustadar med tilpassa bemanning**

Det er utarbeida planteikningar for prosjektet, og førebuing for innhenting av anbod pågår. Planlegging av drift skal gjerast i 2021. Investeringsmidlar for bygg er innarbeidd i 2021/2022.

- **Heiltidskultur**

Det skal arbeidast aktivt vidare med heiltidskultur samla i HSO og i kvar verksemd.

- **Rehabilitering/habilitering**

Vidareføre arbeid med heilskapleg rehabiliteringsforløp, og dimensjonering av ulike tilbod (heime-rehabilitering, institusjonsrehabilitering og dagrehabilitering).

- **Samarbeid med eksterne aktørar**

Vidareutvikla samhandling i nærmiljøa, med aktiv bruk av frivillig sektor og brukarorganisasjonar.

Vidareutvikla samhandling med Bømlo vidaregåande skule i tråd med inngått samarbeidsavtale.

- **“Leva hele livet” – kvalitetsreform for eldre**
Prioritere tiltak og følgje opp. Dette i samråd med politiske føringar, og i samarbeid med aktuelle aktørar.
- **Arbeids- og aktivitetstilbod**
Følgje opp arbeid med ulike modellar for samarbeid mellom dei ulike kommunale arbeids og aktivitetstilboda og Viergo. Samt utgreia ulike alternativ for lokalisering av tilboda.
- **Butilbod/institusjonsplass for personar med trong for skjerma tilbod**
Det skal utgreiast og arbeidast vidare med butilbod/institusjonsplass og ressursar retta mot personar som har trong for skjerma tilbod.
- **Hjelpemiddellager - eit utviklingsprosjekt**
- **Legetenesta**
Arbeide vidare med utviklingsplan for legetenesta, med grunnlag i nasjonale og lokale politiske føringar
- **Rus og psykisk helse**
Vidareføre erfaringsmedarbeidar, recovery-kurs og feedback informerte teneste .
Planlegging av nytt bygg og samorganisering rus og psykisk helse.
- **Velferdsteknologi**
Vidareføre bruk av velferdsteknologi, utprøving av ny teknologi og evaluering av desse. Opplæring/informasjon
- **Fallførebygging**
Vidareføre oppfølging av kandidatar og samarbeid med eksterne samarbeidspartar.
- **Rekruttering og kompetanse**
Halda fram med målretta satsing på rekruttering og kompetanse med utgangspunkt i vedtatt kompetanse- og rekrutteringsplan. Prioriterte tiltak i kompetanseplanen blir fulgt opp.

Institusjonsplassar - omsorgsbustader – bufellesskap

Bømlo kommune vidarefører 99 institusjonsplassar i drift i 2021. I tillegg disponerer Bømlo kommune institusjonsplassar ved Sunnhordland interkommunale legevakt , samla 9 plassar fordelt på dei tre samarbeidskommunane. Det har hausten 2020 vore vesentleg press på institusjonsplassar, men ein finn ikkje økonomisk grunnlag for å auke tal plassar.

Det er politisk vedtatt at de skal etablerast omsorgsbustader med tilpassa bemanning. Omsorgsbustadar med tilpassa bemanning er eit nytt tilbod på Bømlo. Dette vil vere eit tilbod med tilpassa bemanning i høve brukarsamansetnad, og er eit tilbod mellom eigen heim og institusjon. Det vert arbeida for at tilbodet skal stimulere til sosialt fellesskap og aktivitet, samt

leggje rammer for at brukar skal kunne meistra eige liv lengst mogleg . Det er forventa at tilbodet vil kunna gje fleire tilbod innanfor gitte økonomiske rammer, og redusera behov for sjukeheimplassar på sikt. Satsinga er forventa å kunne frigjera noko midlar til ytterlegare styrking av førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

På Moster er planteikningane klare, og prosjektet kan venteleg lysast ut på anbod tidleg 2021. Kommunen vil arbeide med omstillingar retta mot dette nye tilbodet, samt samorganisering evt. samhandling mellom korttids plassar og heimetenester.



Trivselshuset er eit viktig tilbod for dei eldre.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Bømlo kommune har ikkje lokale/institusjonsplassar for skjerma eining. Det skal i 2021 vurderast moglege løysingar og vurdering av areal til slikt tiltak. Det er sett av investeringsmidlar til føremålet. Det kan vere aktuelt med ombygging i eksisterande lokale.

Som oppfølging av kvalitetsreforma “Leve hele livet” har kommunen innarbeidd tema i handlingsplan for HSO. Reforma omhandlar mellom anna planlegging av alderdom, sosialt fellesskap, tilrettelegging av bustad og eit aktivt liv. Oppfølging av tiltaka vil vera i eit samarbeid med relevante aktørar. Det blir og arbeida med å forankre målsetjingane i reforma i andre kommunale sektorar og planar.

Arbeids- og aktivitetstilbod/dagtilbod

Det har i seinare år vore vesentleg omstilling i innhald i dagtilbodet for eldre. Tilbod til personar med kognitiv svikt er utvida. Det er og starta opp ambulerande dagtilbod og ettermiddagstilbod. Individuelle behov vert tillagt stor vekt ved utforming av tenesta. Denne utviklinga vil halde fram i 2021.

Med grunnlag i politisk vedtak, er det starta eit omfattande arbeid for vurdering av tilbod til ulike brukargrupper som har trong for arbeids- og aktivitetstilbod. Ein ser då samla på tilboda innan psykisk helse, personar med utviklingshemming, rus/Basen, Viergo AS og brukargrupper som i dag ikkje har tilbod. Prosessen med dette vil venteleg gå fram til juni 2021. Det er peika på ungdomsskuletomta som mogleg lokalisering av nytt tilbod.

Samhandling med frivillig sektor. Friskliv, læring og meistringstilbod, dagrehabilitering

Ein har i tidlegare budsjett meldt ønske om frivillig-frisklivkoordinator i HSO. Ansvaret for stillinga skulle vere å leggje til rette for, og stimulera til helsefremjande møtepunkt samt sikre god samhandling mellom frivillige og tenestene i HSO. Ei slik satsing vil mellom anna kunne utløysa eit større potensiale og auka samhandling med frivillig sektor. I tillegg skulle stillinga ha ansvar for drift og koordinering av friskliv, og lærings og meistringstilbod. Det er ikkje funne rom for slik stilling, men det vil bli vurdert kor stor del av arbeidet mot frivillig sektor ny folkehelse-/frivilligkoordinator kan ha ansvar for. Det må arbeidast vidare med modell for friskliv, lærings- og meistringstilbod.

Bømlo kommune har i perioden oktober 2017 – mars 2020 prøvd ut dagrehabilitering for yngre brukarar. Utprøvningsprosjektet har vore finansiert gjennom eksterne midlar, men det er no ikkje mogleg å få meir midlar. Prosjektet har vist til gode resultat. Kommunedirektøren har ikkje funne økonomisk løysing på korleis tiltaket kan vidareførast. Det vil bli arbeidd vidare med dette sett i samheng med plan for heilskapleg rehabilitering (HSO handlingsplan) og moglege omprioriteringar.

Eigenbetalingar

Eigenbetalingar vert regulert i tråd med prisvekst.

Tiltak som er prioritert/inneber auke i budsjetttramma for HSO i 2020:

- Ergo-/fysioterapitenesta - justering av driftstilskot opp til 80 % for private.
- Legetenesta - pasientsystem, skybasert løysing, krav til endring
- Omstillingsmidlar - tidleg innsats, førebygging, tiltak retta mot demografisk utvikling.
- IDA – senger og ØH-døgnsenger: Etablert tilbod for interkommunale døgnsenger (IDA) ved Sunnhordland interkommunale legevakt IKS må styrkast noko for å ha realistisk budsjett (2019 delfinansiert gjennom tidlegare overskot).

Økonomisk tiltak 2021

Helse og sosial har i budsjettprosessen fått eit nedtak på kr. 1,5 mill. Dette nedtaket er ikkje endeleg plassert i budsjett, og prosess pågår. Det vert utgreidd økonomisk gevinst ved å sjå samla på nattressurs HSO, og ei framskynding av avgjerd om flytting av matproduksjon frå Moster til Bømlo bu og helsesenter.

I budsjettet er det gjort eit nedtak på kr. 1,0 mill. til økonomisk sosialhjelp (NAV). Dette med grunnlag i økonomisk utvikling gjennom 2020.

Kommunedirektøren har innarbeidd utviklingsmidlar for HSO på kr. 800.000. Desse midlane skal nyttast til utviklingstiltak retta mot førebygging, tidleg innsats, vidare utprøving av velferdsteknologi og omstillingsarbeid retta mot framtidig demografisk utvikling. Sum vert dekkja over fond.

Nye tiltak som er vurdert der ein ikkje har funne plass til i budsjett 2021

- Auke i driftstilskot til fysioterapeutar med privat driftsavtale frå 80 til 100 % driftstilskot. Gjeld 4 fysioterapeutar
- Styrking av ergo-/fysioterapitenesta
- Psykolog i vaksentenesta
- Dagrehabilitering for yngre brukarar med funksjonsnedsettingar.
- Frivillig-, friskliv/lærings- og meistringskoordinator
- Auke i stilling (20%) for systemkoordinator (digitalisering, velferdsteknologi, fag-system)
- Ferietilskot til dekning av utgifter for ledsager.

Ferietilskot til dekning av utgifter til ledsager

Det var i revidert budsjett 2018 (PS-sak 69/18) innvilga kr. 100.000 for utprøving av ein ny tilskotsordning. Ordninga skulle vera for personar som grunna si funksjonshemming er avhengig av følgje på ferie. Førebelse retningslinjer for 2019 og 2020 er nytta etter mal frå andre kommunar. Om ordninga skal vidareførast må retningslinjer til politisk vurdering, og det må setjast av nye midlar. Kommunedirektøren har ikkje funne plass til dette i budsjett for 2021

Investeringar HSO

Kommunedirektøren prioriterer følgjande investeringstiltak HSO 2021 :

- Omsorgsbustader med tilpassa bemanning og dagtilbod på Moster 2021/2022.
- Nytt legesenter på Moster, 4 legekontor/lokale for helsestasjon, 2021
- Forprosjekt midlar til arbeid med nytt arbeids- og aktivitetstilbod og til bygg 2021-2023
- Nytt bygg rus og psykisk helse. 2021/2022.
- Oppgradering av kjøken Bømlo bu og helsehus 2021/2022
- Skjema eining – ombygging/tilpassing 2021/2022.
- Kr.750.000 til fornying av utstyr/velferdsteknologi/IT i tenestene.



Bygging omsorgsbustadar og dagtilbod/kjøken vil bli delfinansiert av tilskot/lån i Husbanken og framtidige leigeinntekter.

Tekniske tenester



Ny personalfløy ved Svortland skule aukar bygningsmassen å vedlikehalda.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Reinhald

Kommunen etablerte eiga reinhaldsavdeling i 2019 etter å ha kjøpt desse tenestene av private reinhaldsbyrå. Reinhaldsavdelinga er organisert under teknisk drift. Avdelinga har 14 årsverk. Samla utgifter er budsjettert til 8,0 mill. kr.

Forsikring

Skadeforsikringane var ute på anbod i 2019 med verknad frå 2020. Det er venta auke i forsikringane og budsjettsummen er auka for å ta høgde for dette og ligg på 1,538 mill.kr i 2021, ein auke på 0,2 mill. kr.

Energi

Bømlo kommune kjøper straum frå LOS AS. Kommunen skal ut på nytt anbod i 2020. Kommunen deltek i eit anbodssamarbeid med fleire andre kommunar på Haugalandet og i Sunnhordland. På denne måten reknar ein med å få best mogleg pris for straumleveransane. Effektiv styring av varme- og ventilasjonsanlegg har medført mindre straumforbruk dei seinare åra. Teknisk avdeling jobbar vidare for økonomisk bruk av energi. Det er budsjettert med 9,1 mill. kr til straumkjøp som er ein auke på 0,5 mill. kr frå 2020.

Bygningsvedlikehald

Kommunen driftar no ein bygningsmasse på 60 444 m².

Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Målet med dette er førebygging. Driftsavdelinga har utvikla gode samarbeidsrutinar og fått utført mykje godt vedlikehald på dei kommunale bygga og institusjonane.

Etter kontinuerleg vedlikehald av gamle bygg og anlegg skulle behovet minka men likevel er det mange anlegg som treng vedlikehald og utskifting grunna alder. Nokre skular har ikkje tilstrekkelege gode ventilasjonsanlegg. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde.

Bygningsvedlikehald har om lag 1,1 mill.kr. i faste kostnader for lovpålagde oppgåver og vedlikehaldsavtalar som vert trekt frå driftsbudsjettet.

For 2020 er budsjettet på 12,9 mill.kr, dette er opp 1 mill. kr frå 2020. Det er lagt til grunn at vedlikehaldspersonalet skal fakturere investeringsprosjekt for 0,97 mill. kr.

Grønt og samferdsel

Område grønt og samferdsel fungerer godt og effektivt. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekt. Vedlikehaldet som blir utført langs vegnettet er omfattande og stort. Kommunen vil på sikt bli tilført mange kilometer veg til vedlikehald som følge av nye vegar i «Bømlopakken», fylkesvegar vert nedklassifisert til kommunale vegar samt overtaking av vegar i private bustadfelt.

Kommunen har vedteke vegnorm som vert lagt til grunn for planlegging og overtaking av kommunale vegar og uteanlegg.

Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale bygga. Avdelinga slit etter kvart med eldre utstyr og trongen for nytt utstyr er stort. Det er lagt inn kjøp av utstyr for 2 mill. kr i investeringsbudsjettet 2020.

Etterslepet på vedlikehald av kommunale vegar og anlegg er stort og med dei driftsmidlane som avdelinga årleg disponerer vert det vanskeleg å førebyggja og halda vegane i ein for-svarleg stand. Svært mange vegar skal ha nytt asfaltdekke, men grunna lite investeringsmidlar vert det berre lapping og mindre vedlikehaldstiltak.

Ny brøyteavtale har vore på anbod i 2019, og avtalane er inngått.

Samla ramme på grønt og samferdsel og er på 9,1 mill. kr. som er uforandra frå 2020.

Arealbruk

Området arealbruk omhandlar følgjande tenestekområde:

- plansakbehandling
- bygg- og delingsbehandling
- kart og oppmåling
- kommuneplan
- eigedomsskatt
- utsleppssaker
- seksjonering
- tilsyn

Kommunestyret har tidlegare vedteke at gebyra på området skal dekkje utgiftene til kommunen. I samband med behandlinga av revidert budsjett 2020 gjekk kommunestyret vekk frå dette prinsippet. Det har dei seinaste åra synt seg at det er vanskeleg å oppnå sjølvkost på området utan at ein må sette opp gebyra på eit nivå som ligg langt over nivået til nabokommunane. Kommunedirektøren har derfor valt å føreslå at kravet om sjølvkost på området vert endra, men likevel slik at våre gebyr skal ligge på eit nivå tilsvarande nabo-kommunane.

Tabellen under syner opparbeida underskot på sjølvkostområda.

Sjølvkostområde	Akkumulert underskot 31.12.2019 (1000 kr)
Teneste plansaksbehandling (3010)	-6 256
Teneste bygg- og delingsbehandling (3020)	-5 997
Teneste kart og oppmåling (3030)	-3 757

Tenestekområdet 3011 kommuneplan er ikkje ein del av sjølvkostområdet og vert finansiert ved bruk av fondsmidlar i 2021. Dette finansierar arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (kjøp av konsulenttenester og eige arbeid).

For landbruks- og miljøavdelinga er det ikkje store endringar i høve til i år. Ein del av lønns-utgiftene er ført på arealbruk.

Brann og redning

På området Brann og redning er det for tida 5 heile stillingar, samt at det er 41 deltidsstillingar knytt til beredskapen. Etter innføring av nytt naudnett har brannvernet lagt om beredskapsordninga si. Dette har vore gjort for å tilpassa beredskapen til nye tekniske system, samt med føremål om å halde utgiftene på eit lågast mogleg nivå.



Ny brannstasjon er skal byggjast på tomte der gamle prestebustaden står i dag – til høgre på bilete. (Foto: Geir Einarsen)

Investeringar

Tiltak	Kommentar
Brannstasjon	I gjeldande økonomiplan er det avsett midlar til å byggja ny brannstasjon i 2021/2022.
Oljevern	Bømlo kommune er særst utsett for eventuelle oljeutslipp til havs. Brannvernet har difor opp gjennom åra bygd opp ein beredskap for slike høve. Me må dei næraste åra gradere opp og skifte ut ein del av dette utstyret.

Kyrkjelege føremål

Tidlegare vart tilskot til andre trussamfunn også budsjettert her. Frå 2021 overtek staten heile ordninga med tilskot til andre trussamfunn. Kommunen fekk eit uttrekk (reduisert) rammetilskot på kr. 1 069 000. Kommunen betalte ut kr 620 740 i 2019. Kommunen sine økonomiske rammer er difor redusert med 0,4 mill. kr meir enn kva kommunen har hatt i utgifter. Ramma til religiøse føremål som inkluderer kyrkja er difor redusert med 0,3 mill. kr i 2021.

Tabellen under syner utgiftene og aktivitet på området.

	Bømlo 2018	Bømlo 2019	Landet utan Oslo	Kostra- gruppe 11
Netto driftsutgifter til andre religiøse føremål pr. innbyggjar i kroner	50	47	70	48
Netto driftsutgifter, kyrkje, pr. innbyggjar	684	705	638	725
Medlem av Dnk i prosent av tal innbyggjarar	79,6 %	78,9 %	71,7 %	79,5%
Døyppte i prosent av antall fødte	88,2%	69,7%	56,8 %	69,9%
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	73,3 %	78,9 %	57,7 %	71,4%

Framlegg til løyving i heile 1000 kr går fram under

Kyrkjelege føremål	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tilskot lag- og organisasjoner	896	846	286	286	286	286
Andre tilskot	8 032	8 330	8 030	8 030	8 030	8 030
SUM	8 928	9 176	8 316	8 316	8 316	8 316

Frå og med 2021 gjeld heile løyvinga tilskot til kyrkjeleg fellestråd.

Budsjettet på dette rammeområdet omfattar frå 2021 overføring til kyrkjeleg fellestråd med kr. 8 316 000 inkl. verdsetjing av tenestekjøp og husleige frå kommunen med kr. 286 000. Direkte overføring utgjer kr. 8 030 000. Samla er dette ein reduksjon i ramma på 3,5%.

Kommunen har sett av kr. 5 450 000 til investeringar kyrkjeleg føremål i 2021. Samla er det sett av 17,6 mill. kr til føremålet i perioden 2021 -2024. Nærare detaljar går fram av investeringskapittelet i økonomiplanen.

Ikkje fordelt/tilleggsføring/ premieavvik

Pensjon, premieavvik

Bømlo kommune har følgjande kollektiv tenestepensjonsordning for sine tilsette:

- KLP for sjukepleiarar (Kommunal landspensjonskasse)
- KLP for andre kommunalt tilsette
- KLP for folkevalde (ordførar)
- SPK for lærarar (Statens Pensjonskasse)

Pensjonspremie (det kommunen faktisk betalar og som dermed reduserer kommunen sin likviditet) er dei innbetalingane som er naudsynte for at dei til ei kvar tid påløpne pensjonsrettar skal vere fullfinansiert. Pensjonspremien er budsjettert på verksemdene.

Pensjonskostnad (rekneskapsført kostnad) er noverdien av berekna samla framtidig pensjonsopptening. Denne berekninga byggjer på økonomiske og aktuarmessige føresetnader der det mellom anna er teke omsyn til venta avkastning på pensjonsmidlar, lønsutvikling og demografiske endringar.

Dersom pensjonsutgiftene er høgare enn pensjonskostnadene oppstår eit **positivt premieavvik** som blir budsjettert under dette ansvarsområdet. Eit positivt premieavvik påverkar budsjettet med ei inntekt som ikkje inneber pengeoverføring, og som følgjeleg vil belasta kommunen sin likviditet. Premieavviket skal etter gjeldande reglar utgiftsførast (amortiserast) over dei neste 7 åra.

Pensjonsordninga i offentlig sektor vart lagt om frå 01.01.2020. Alle tilsette født i 1963 eller seinare vert omfatta av nye endra reglar for opptening av tenestepensjon. Det er framleis uvisst korleis dette vil påverke kommunen sin økonomi framover. Iflg. KLP reknar dei med ei nærare avklaring i 2021. Det er ikkje venta dei store endringane i pensjonskostnaden, men storleiken på kommunen sine pensjonsmidlar vil bli vurdert nærare.

I økonomiplanen har me bygd på dei oppgåver og informasjon som me har fått frå våre pensjonsleverandørar.

Premieavvik og utgiftsføring av amortisert premieavvik

For 2021 er premieavviket positivt og berekna til 39,5 mill. kr. inkl. arbeidsgjevaravgift.

Etter gjeldande reglar skal dette premieavviket utgiftsførast over dei neste 7 åra (amortisering) med 5,6 mill. kr. med verknad frå 2022.

Det er venta store svingingar i pensjonspremien i åra som kjem (2022–2024), mens pensjonskostnaden aukar gradvis. Dermed vil me få store positive premieavvik i åra framover. Dette gir følgjande utvikling i premieavviket inkl. arbeidsgjevaravgift:

	2021	2022	2023	2024
Premieavvik inkl. arbgj.avgift	27 842	30 561	32 116	33 308

Amortisering av premieavvik

Dei store premeieavvika medfører ein kraftig auke i amortiseringa(utgiftsføringa) av premieavviket. Denne aukar frå 8,8 mill. kr i 2020 til 24,2 mil. kr i 2023.

Ved utgangen av 2019 vil kommunen ha eit samla premieavvik på 33,7 mill. kr. Denne summen har redusert kommunen sin likviditet med tilsvarande sum og denne summen skal budsjetterast som kostnad i dei komande 15/10/7 åra. I tabellen under går det fram kor stor den årlege utgiftsføringa av tidlegare års premieavvik vert:

	2021	2022	2023	2024
Amortisering premieavvik	11 789	14 236	19 817	22 420

Saldo akkumulert premieavvik

Akkumulert premieavvik pr 31.12.2019 var på 49,8 mill. kr, dette er venta å auke til 56,8 mill. kr i 2020. Utviklinga i økonomiperioden viser ein kraftig auke i akkumulert premieavvik.

	2020	2021	2022	2023	2024
Akkumulert premieavvik	56 853	72 906	89 231	101 530	112 418

Oppsummering

Pensjonskostnadene sin innverknad på likviditeten går fram av tabellen under der ein ser netto premieavvik minus årleg redusering av premieavvika frå tidlegare år opp mot fondsavsetjing. Ideelt sett meiner kommunedirektøren at budsjettert nettoinntekter frå premieavviket skulle vore sett av på fond, for slik å ha midlar til å dekke utgifta som positivt premieavvik genererer i åra framover. Dette målet er ikkje oppnådd i denne økonomiplanperioden.

	2021	2022	2023	2024
Premieavvik inntekt	27 842	30 561	32 116	33 308
Amortisering utgift	11 789	14 236	19 817	22 420
Netto	16 053	16 325	12 299	10 888
Budsjettert netto fondsavsetning	5 491	14 657	-1 388	14 242
Endring i likviditet	-10 562	1 668	-13 687	3 354

I budsjettframlegget har ein ikkje budsjettert med stort nok netto driftsresultat, dermed vert likviditeten svekka i åra 2021 og 2023. Likviditeten vert styrka i 2022 og 2024

Heile premieavviket burde vore sett av på fond for slik å ha midlar til å dekke utgiftene som positivt premieavvik genererer i åra framover.

Avsetjing løn

Lønsavsetjing vedkomande lønsforhandlingar i 2021

Statsbudsjettet har estimert lønsveksten til 2,2 % for heile kommunesektoren, SSB har stipulert den til 2,0%. Lønnsveksten til neste år er svært usikker grunna den pågåande pandemien og dei utslaga denne gir på kommuneøkonomien.

Det er avsett 10,2 mill. kr til lønnsoppgjeret pr 01.05. som tilsvarar årslønnsvekst på 2,1%



Frå teststasjonen ved gamle Bremnes ungdomsskule. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

Økonomiske føresetnader

Under dette ansvarsområdet vert skatteinntekter, statleg rammetilskot, andre statlege overføringar (inntekter frå havbruksfondet), inntekter for mottak av flyktningar, netto finansutgifter og inntekter budsjettert.

Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlege tilskot som inntekter frå havbruksfondet og inntekter for mottak og integrering av flyktningar. Det er i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 12,15 prosent, ein auke frå 11,10 prosent i 2020. Skattedelen av kommunane sine inntekter skal framleis vera 40 prosent av dei frie inntektene.

Den samla kostnadsveksten (deflatoren) som er lagt til grunn i regjeringa sitt budsjettforslag er 2,7 prosent. Lønsveksten tel om lag 2/3 og er rekna til 2,2 prosent. Venta prisvekst er 3,5 prosent. Deflatoren vert nytta til justering av rammetilskot og øyremerka tilskot.

Budsjettframlegget byggjer på kommunen sin skatteinngang i 2019, samt utviklinga i 2020.

Enkeltelementa i frie inntekter (skatt og rammetilskot), 1000 kr	2020	2021	2022	2023	2024
Innbyggjartilskot	300 575	297 285	298 064	298 991	299 823
Utgiftsutjamning	44 444	40 576	39 920	37 251	37 273
Overgangs- og nyordningar (INGAR)	-645	-453	-350	-350	-350
Særskilt fordeling	5 013	3 383	2 422	2 422	2 422
Ordinære skjønsmidlar	7 100	5 600	4 400	3 200	1 900
Revidert nasjonalbudsjett 2020	1 669				
Koronatiltak 2020	12 839				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	370 995	346 570	344 457	341 513	341 068
Netto inntektsutjamning	18 043	16 411	16 358	16 380	16 443
Sum rammetilskot	389 038	362 981	360 815	357 893	357 511
Skatt på inntekt og formue, vårt anslag	340 246	367 765	366 567	367 058	368 480
Sum frie inntekter, avrunda, ekskl. eigedomsskatt	729 300	730 700	727 400	725 000	726 000
Endring i dei frie inntektene	3,2	0,2	-0,5	-0,3	0,1

Inntektssystemet vart lagt om frå og med 2017. Dette førte til relativ stor reduksjon i kommunen sine rammeoverføringar frå staten. Samla fekk kommunen redusert rammene

sine med 12,9 mill. kr. Frå og med 2019 har dette full effekt då overgangsordninga med kompensasjon gjennom inntektsgarantisystemet er over.

Samla frie inntekter er budsjettert med ein nominell vekst på 0,2%, korrigert for koronalyvingane vert veksten 2%. Med ein venta pris – og lønsvekst på 2,7% i 2021 har kommunen budsjettert med ein realnedgang i dei frie inntektene frå 2020 til 2021.

Rammetilskotet

Rammetilskotet for Bømlo kommune er på bakgrunn av statsbudsjettet rekna til å bli 346,6 mill. kroner inkl. skjønsmidlar frå Fylkesmannen på 5,6 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 11,5 mill. kroner. Deler av reduksjonen vert kompensert gjennom auka skatteandel. For kommunen sin del så skuldast i tillegg reduksjonen i rammetilskotet redusert utgiftsutjamnande tilskot med 3,7 mill. kr samt redusert skjønsmidlar frå Fylkesmannen med 1,5 mill. kr. I tillegg er rammetilskotet korrigert med 3,4 mill. kr, sjå tabell under.

Tabellen viser endringar i rammetilskotet knytt til oppgåveendringar/nye tiltak/endring i finansiering, tala er i 2020 kr og skal prisjusterast med 2,7%.

	Tal i heile 1000 kr
Utvida aldersgrense ettervern barnevernet	55
Skjermingsordning auka eigendelstak	114
Habilitering og avlastning	227
Pensjon private barnehagar	-493
Handlingsplan for fastlegeordninga	445
Inntektsgradert foreldrebet SFO	260
SFO 3 og 4 trinn	57
Frivillighetssentral	-430
Utlekking tilskot til andre trudoms- og livsynssamfunn	-1 069
Diverse mindre tilskot	0
Statleg/private skular	-434
Skatteoppkrevjarfunksjonen overført staten	-2 161
Auka foreldrebetaling i barnehagane	-191
Sum korrigering av inntektsramma	-3 428

Bømlo kommune har i mange år fått kompensasjon gjennom skjønsmidlane frå Fylkesmannen for omlegging av arbeidsgjevaravgifta der kommunen vart flytta frå arbeidsgjevaravgiftssone 2 til 1A. Satsen vart dermed endra frå 10,6 % til 14,1%. Fylkesmannen varslar nedtrapping av skjønstilskotet fram mot 2024. Kompensasjonen var 5,1 mill. kr i 2020 og 3,7 mill. kr i 2021.

Staten byggjer anslaget for tildeling av rammetilskot på SSB si framskriving av befolkninga. Dette har og kommunen gjort. Dette viser eit relativ stor endring i utgiftsutjamnande tilskot til kommunen. I 2020 fekk kommunen eit tillegg på berekna gjennomsnittleg utgiftsbehov pr innbyggjar på 5,88%. Dette ga eit tillegg på 38,6 mill. kr. I 2021 syner demografiske data at kommunen får eit tillegg på 5,08%, dvs. 34,3 mill. kr. Utviklinga framover ser slik ut:

	2020	2021	2022	2023	2024
Tillegg i 1000 kr	38 626	34 312	33 476	30 864	30 959
%	5,88	5,08	4,97	4,58	4,58


Utgiftsutjamnande tilskot vert redusert med 7,7 mill. kr frå 2020 til 2024 grunna endringar i samansetninga av befolkninga

Skatt

Skatteinntektene for Bømlo kommune er rekna til å bli 367 mill. kroner i 2021. Dette er ein auke på 27 mill. kr. i høve til venta skatteinntang 2020 eller 8%. Kommunal skatteøyre aukar frå 11,10 % til 12,15% i 2021 (9%). Kommunen har dei to siste åra ein sterkare vekst enn landet og det er venta at dette og vil være tilfelle i 2021. Det er likevel større uvisse i år enn tilfellet har vore tidlegare. Dette skuldast pandemien som og korleis denne vil påverke økonomien i landet i 2021.

Gjennomsnittleg skatt og inntektsutjamnande tilskot dei siste ti åra har vore på 96% av landsgjennomsnittet. Dei to siste har dette vore heilt nede på 94,4%.

I budsjettframlegget har kommunedirektøren lagt til grunn at skatt og inntektsutjamning igjen skal komme opp på over 95% av landsgjennomsnittet, Dette krev ein sterkare skattevekst lokalt enn det den er på landsbasis. Grunnen til at ein vel å budsjettere med dette er at ein ser at arbeidsløysa er lågare i kommunen enn på landsbasis er i betring, og at det er grunn for å tru at inntektene igjen vil nærme seg gjennomsnittet for dei siste 10 åra. Kommunen har budsjettert med ei avsetjing til disposisjonsfondet på netto 5,6 mill. kr som vil vere ein buffer mot sviktande skatteinntekter.



Eigedomsskatt

Kommunedirektøren viser til vedtak om eigedomsskatt i budsjett for 2009. Eigedomsskatten vart auka med 2 promille i 2014 til 4 promille. Satsen vart redusert til 3,7 promille for 2019. I

2020 vart satsen sett ned til 3,5 promille. Kommunedirektøren legg til grunn kontormessig justering av takstane på alle eigedomar som ikkje er omfatta av skatteetaten sine formuesverdiar, med nye 10%, slik at takstane er justert med 30% i forhold til 2009 takstane. For bustadar nyttar ein skatteetaten sine formuesverdiar. Alle takstane skal reduserast med 30%. Satsen vert føreslege uendra til 3,5 promille.

Andre inntekter

Havbruksfondet

Kommunen mottok 33,6 mill. kr. frå Havbruksfondet i 2018 , 6,5 mill. kr i 2019 og 26,5 mill. kr i 2020. Det venta ei utbetaling frå Havbruksfondet på 12 mill.kr. i 2021 og 2023 og 28 mill. kr. i 2022 og 2024.

Sjå elles omtale under økonomiske rammeføresetnader i dokumentet

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei fyller 67 år. Forslag til statsbudsjett legg opp til følgjande for 2021:

Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto lønsutgifter ut over innslagsnivået. Innslagspunktet for kompensasjon er sett til kr 1 430 000 kr for netto utgifter i 2019. Innslagspunktet er løns- og prisjustert og auka med 46 000 kr. utover prisstigninga for 4 gang på 5 år.

Kommunen har budsjettert med 22 brukarar i 2021 som samla vil gje eit tilskot på 39,1 mill. kr. Innslagspunktet for kompensasjon er justert for lønsvekst. Nivået på tilskotet er vidareført i planperioden. Inntekter og utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar er budsjettert på seksjon 3 helse sosial og omsorg.

Busetjing av flyktningar

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 31,7 mill. kr. for 2021. Dette er ein reduksjon frå 43,1 mill kr i opphavleg budsjett 2020. Tilskotet er justert i samsvar med forslag til nye satsar i statsbudsjettet. I budsjettet for 2020 er det lagt til grunn busetjing av 25 flyktningar medrekna eventuell familiesameining. Talet er usikkert. Kommunen har i tidlegare år vedteke å ta imot 30. Tabellen under syner framlegg til budsjett.

	2021	Antal	2022	Antal	2023	Antal	2024	Antal
Tilskot 2-5 års flyktningar	14 672	120	11 959	92	11 372	81	12 322	82
Tilskot 20 nye flyktningar	5 207	20	4 043	20	4 978	25	4 978	25
Særskilt tilskot	3 800		3 000		3 000		2 000	
EMF under 20 år	8 008	11	3 640	5	1 456	2	0	0
Sum	31 687	151	22 642	117	20 806	108	19 300	107

Finanspostane

Gjeldsutviklinga i økonomiplanen går fram av tabellen under:

	B2020	B2021	B2022	B2023	B2024
Lånesaldo 31.12	979 414	1 048 130	1 117 878	1 176 168	1 190 957
Startlån	124 244	134 244	144 244	154 244	164 244
Lån med rentekomp.	68 539	62 825	56 292	49 759	43 018
Netto lånegjeld	786 631	851 061	917 342	972 165	983 695
i % av driftsinntektene	78,1 %	85,7 %	92,6 %	100,0 %	99,7 %

Kommunen har lagt deler av gjelda si i to kommunale aksjeselskap. Dette fører til at kommunen kjem betre ut i kommunesamanlikningar når det gjeld gjeldsnivå enn kva som er den reelle situasjonen kommunen er i.

Fram til i dag har begge selskapa betjent gjelda si, men det er verdt å merka seg at BKE AS har avdragsfridom på eit stort lån fram til 2024, frå og med dette året aukar avdraga.


Det høge gjeldsnivået inneberer risiko for kommunen sin økonomi. Dersom renta skulle auke frå det låge nivået som me har i dag så vil kommunen få vesentleg høgare renteutgifter enn kva tilfellet er framover. Pr. i dag er 65% av lånegjelda sikra med fast rente. Ein stor del av fastrenteavtalane vil gå ut dei næraste åra.

Kommunen si målsetting om at lånegjelda ikkje bør gå over 85% vert ikkje nådd i økonomiplanperioden.

Renteføresetnader

Ved årsskiftet 2020/2021 er det venta at kommunen si samla brutto lånegjeld (utanom gjelda i dotterselskap) vil utgjere 979 mill. kroner.

Delen lån med flytande rente vil liggja på i overkant av 50% neste år. Frå 2022 vil delen fastrentelån falle kraftig utover i perioden dersom ikkje nye rentebindingar vert gjennomført.



I økonomiplanperioden er det lagt til grunn ei flytande rente i samsvar med 3 mnd. Forward-rente med eit gjennomsnittleg margin tillegg på 0,50%. Det er venta at renta vil halde seg stabilt og gå noko ned frå 1,78% i dag til 1,46% i 2023. Fast rente vert budsjetttert utifrå gjeldande avtalar.

Dette gir følgjande budsjetttert rente:

År	2021	2022	2023	2024
Renteanslag	1,61 %	1,41%	1,44%	1,46 %

Avdrag

I ny kommunelov vert kravet til minimumsavdrag skjerpa. Minimumsavdraget skal bereknast i samsvar med denne formelen:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Det er presisert at varige driftsmidler er avskrivbare varige driftsmidler.

Dette fører til at gjelda til kommunen vert nedbetalt på 27,3 år.

Renteinntekter

For berekning av renteinntekter er det lagt til grunn eit snitt innestående på 80 mill. kroner og 0,9% rente. I tillegg har kommunen andre renteinntekter 0,5 mill. kr og utbytte 0,6 mill. kr. Renta på startlån er stipulert til om lag 1,4 mill. kroner i 2021 og aukande utover i perioden.

Kommunen sine netto finanskostnader går fram av tabellen nedanfor

Netto finanskostnader	B2021	B2022	B2023	B2024
Inngåande lånegjeld	979 414	1 048 130	1 117 878	1 176 168
Nye låneopptak i året:	105 000	107 760	98 470	56 720
Låneavdrag i driftsbudsjettet	31 284	33 012	35 180	36 931
Avdrag i investeringsbudsjettet	5 000	5 000	5 000	5 000
Sum avdrag	36 284	38 012	40 180	41 931
Utgåande lånegjeld	1 048 130	1 117 878	1 176 168	1 190 957
Sum rentekostnader	16 855	15 941	17 209	17 757
Renteinntekter	1 898	1 800	1 800	1 800
Renteinntekter startlån	1 400	1 500	1 650	1 850
Sum renteinntekter	3 298	3 300	3 450	3 650
Sum netto finanskostnader	44 941	45 753	49 038	51 138
Nedbetalingstid på langsiktig gjeld	27	27	27	27

Føresetnad om at låneopptaket i året vert teken opp pr. 30.06, dvs rentebelastning på nye låneopptak 1/2 år i opptaksåret. Avdrag vert betalt i desember.

Rente- og avdragskompensasjon

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon for omsorgsbustadar og institusjonsplassar, rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og rentekompensasjon for investeringar i kyrkjebygg. Det er budsjettert med totalt 1,8 mill. kr. i 2021.

(Tal i heile 1000 kr.)

År	Grunnlag	Rentekompensasjon
2021	62 825	1 800
2022	56 292	1 734
2023	49 759	1 669
2023	43 018	1 601

Likviditet

Kommunen sin likviditet har blitt styrka dei siste åra. Likviditeten vil svekke seg framover då budsjettert resultat for åra 2021–2024 er saldert med bruk av premieavvik på samla 40,7 mill. kr. utover fondsavsetjing.

Prisjustering

Inntektene til kommunen er jamt over auka opp med 2,7%, men er også justert på kvart einskild verksemd/ansvarsområde i høve reell forventning om inntekter i 2021 (opp eller ned).

Det er teke høgde for ein prisauke på 2% på driftskostnadane.

Brukarbetalingar

Det er lagt opp til ein auke i prisane på kommunale tenester som samsvarer med forventa generell prisstigning. Sjå vedlegg til budsjettdokumentet som omfattar betalingssatsane.

Område	Sats 2020	Sats 2021	Endring (%)	Kommentar
Bibliotek				
1. purring 3 veker etter forfall Gebyr	40	40	0,0 %	
2. purring 5 veker etter forfall Gebyr	80	80	0,0 %	
Skulefritidsordninga				
Berre morgonplass, per månad	930	955	2,7 %	
Inntil 9 timar kvar veke, per månad	1 400	1 440	2,9 %	
Inntil 16 timar kvar veke, per månad	2 295	2 360	2,8 %	
100% plass, per månad	2 797	2 870	2,6 %	
Tillegg for ferie- og fridagar, per dag	280	290	3,6 %	
Timepris	58	60	3,4 %	
Kulturskulen				
Fullpris 1 elev (tilbod nr. 1)	3 740	3 840	2,7 %	
Rabatt, 30%, 1. sysken/fleire tilbod (tilbod nr. 2)	2 625	2 695	2,7 %	
Rabatt, 40%, 2. sysken/fleire tilbod (tilbod nr. 3)	2 250	2 310	2,7 %	
Instrumentleige, pr. år	900	920	2,2 %	
Materiellutgifter kunst, pr semester	200	205	2,5 %	
Sal av tenester til det frivillige kulturlivet, pr. time (45 min.)	290	295	1,7 %	
Symjehall				
Ordinær billett, Vaksen	65	70	7,7 %	
Ordinær billett, Barn (0-16 år)	35	40	14,3 %	
Ordinær billett, Honnør/student	45	50	11,1 %	
Klippekort 13 klipp, Vaksen	650	670	3,1 %	100 kr for personleg armband med klippekort
Klippekort 13 klipp, Barn (0-16 år)	350	360	2,9 %	
Klippekort 13 klipp, Honnør/student	450	460	2,2 %	
Årskort, Vaksen	2 400	2 460	2,5 %	100 kr for personleg armband med årskort
Årskort, Barn (0-16 år)	1 050	1 080	2,9 %	
Årskort, Honnør/student	1 550	1 590	2,6 %	
Familiebillett	160	165	3,1 %	2 vaksne + 2 barn. Kr 30 pr. ekstra barn

Område	Sats 2020	Sats 2021	Endring (%)	Kommentar
Leige stort basseng, lag/org tilh. Bømlo, per bane per time	75	80	6,7 %	
Leige stort basseng, lag/org utanfor Bømlo, per bane per time	150	160	6,7 %	
Leige opplæringsbasseng, lag/org tilh. Bømlo per time	300	400	33,3 %	
Leige opplæringsbasseng, lag/org utanfor Bømlo, kurs, per time	300	500	66,7 %	
Leige stort basseng, lag/org tilh. Bømlo, per time	450	600	33,3 %	
Leige stort basseng, lag/org utanfor Bømlo, kurs o.l per time	900	1 000	11,1 %	
Leige av symjehall som fører til stenging, per helg	5 000	10 000	100,0 %	
Utleigesatsar for skulebygg				
Klasserom/grupperom, per rom pr påbyrja døgn	142	145	2,1 %	
Gymnastikksal, per påbyrja døgn	229	235	2,6 %	
Gymnastikksal m/garderober, per påbyrja døgn	272	280	2,9 %	
Symjebasseng, per påbyrja døgn	652	670	2,8 %	
Heimkunnskap/kjøkken, per påbyrja døgn	185	190	2,7 %	
Formingsrom, per påbyrja døgn	185	190	2,7 %	
Pleie- og omsorgstenester				
Heimehjelp m/inntekt inntil 2G, for kvar månad				Statleg sats
Heimehjelp m/inntekt 2-3G, for kvar månad	939	960	2,2 %	
Heimehjelp m/inntekt over 3G, for kvar månad	1 738	1 780	2,4 %	
Heimehjelp einskilde oppdrag, for kvar time	229	235	2,6 %	
Leige av tryggleiksalarm (ink. brannvarsling), kvar månad	293	300	2,4 %	
Etableringsgebyr for tryggleiksalarm	515	530	2,9 %	
Montering nøkkelboks for personar utan tryggleiksalarm	857	880	2,7 %	
Dag og aktivitetstilbod for eldre og personar med demens	206	210	1,9 %	
Korttidsopphald på institusjon, for kvart døger				Statleg sats
Dagopphald på institusjon, for kvar dag				Statleg sats
Pleie- og omsorgstenester, mat/middagsservering				
Middag for eldre, trygda og uføre	77	80	3,9 %	
Graut	34	35	2,9 %	
Dessert	27	30	11,1 %	
Frukost og kvelds	36	40	11,1 %	
Forvaltning				
Kunnskapssprøve i serverings- og alkohollova, per prøve	436	450	3,2 %	

Område	Sats 2020	Sats 2021	Endring (%)	Kommentar
Gebyr for ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for enkelt høve	381	390	2,4 %	
Tekniske tenester				
Reguleringsplanar opp til 10 daa		Sjølvcost - eiga sak		
Reguleringsplanar over 10 daa		Sjølvcost - eiga sak		
Reguleringsendring		Sjølvcost - eiga sak		
Delingsgebyr Sjølvcost		Sjølvcost - eiga sak		
Byggesaksgebyr Sjølvcost		Sjølvcost - eiga sak		
Oppmålingsgebyr Sjølvcost		Sjølvcost - eiga sak		
Feiing Sjølvcost		Sjølvcost - eiga sak		
Vassavgift		Viser til budsjett BVA AS		
Årsgebyr for avløp etter areal		Viser til budsjett BVA AS		
Årsgebyr for avløp målt kvantum		Viser til budsjett BVA AS		
Årsgebyr for vatn målt kvantum		Viser til budsjett BVA AS		
Tilknytingsavgift vatn		Viser til budsjett BVA AS		
Tilknytingsavgift kloakk		Viser til budsjett BVA AS		
Slamtøming		Viser til budsjett SIM IKS		
Renovasjon husstander		Viser til budsjett SIM IKS		



Frå skulekjøkenet ved Hillestveit skule.
(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Budsjettabellar

Økonomisk oversikt drift Etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-6. Tal i heile 1000.	Rekne- skap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-374 931	-377 486	-362 981	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-332 335	-348 075	-367 765	-366 567	-367 058	-368 480
Eigendomsskatt	-32 572	-33 561	-37 061	-37 461	-37 861	-38 261
Andre skatteinntekter						
Andre overføringar og tilskot frå staten	-56 492	-61 099	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
Overføringar og tilskot frå andre	-153 766	-88 283	-80 177	-77 874	-77 874	-77 874
Brukarbetalingar	-26 478	-27 148	-27 691	-27 691	-27 691	-27 691
Sals- og leigeinntekter	-23 313	-26 899	-23 105	-23 248	-23 248	-23 248
Sum driftsinntekter	-999 887	-962 551	-947 767	-946 033	-926 687	-941 967
Lønnsutgifter	513 823	499 583	488 354	482 547	479 788	479 077
Sosiale utgifter	129 952	126 321	123 349	122 362	126 404	127 322
Kjøp av varer og tjenester	267 045	247 691	260 083	255 006	250 019	247 784
Overføringar og tilskot til andre	42 267	25 090	21 651	21 651	20 570	20 050
Avskrivingar	37 113	37 400	41 000	41 000	41 000	41 000
Sum driftsutgifter	990 199	936 086	934 436	922 567	917 781	915 234
Brutto driftsresultat	-9 688	-26 465	-13 330	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-3 994	-4 573	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytter	-484	-131	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	21 808	23 029	16 703	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	23 948	29 019	31 284	33 012	35 180	36 931
Netto finansutgifter	41 278	47 344	44 639	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivingar	-37 113	-37 400	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
Netto driftsresultat	-5 523	-16 520	-9 691	-19 059	-1 212	-16 942
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering		2 987	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	7 548	-800	-800	-600	-600	-600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 025	14 333	5 491	14 659	-1 388	14 242
Dekning av tidlegare års meirforbruk						
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	5 523	16 520	9 691	19 059	1 212	16 942
Framført til inndecking i seinare år	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt drift etter budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-4 første ledd. Tal i heile 1000.	Rekne- skap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskot	-374 931	-377 486	-362 981	-360 815	-357 893	-357 511
Inntekts- og formuesskatt	-332 335	-348 075	-367 765	-366 567	-367 058	-368 480
Eigedomsskatt	-32 572	-33 561	-37 061	-37 461	-37 861	-38 261
Andre generelle driftsinntekter	-56 492	-61 099	-48 987	-52 377	-35 062	-48 902
Sum generelle driftsinntekter	-796 330	-820 221	-816 794	-817 220	-797 874	-813 154
Sum bevilgningar drift, netto	749 529	756 356	762 464	752 754	747 969	745 421
Avskrivningar	37 113	37 400	41 000	41 000	41 000	41 000
Sum netto driftsutgifter	786 642	793 756	803 464	793 754	788 969	786 421
Brutto driftsresultat	-9 688	-26 465	-13 330	-23 466	-8 906	-26 733
Renteinntekter	-3 994	-4 573	-2 742	-2 940	-3 090	-3 290
Utbytte	-484	-131	-606	-606	-606	-606
Renteutgifter	21 808	23 029	16 703	15 940	17 209	17 756
Avdrag på lån	23 948	29 019	31 284	33 012	35 180	36 931
Netto finansutgifter	41 278	47 344	44 639	45 406	48 693	50 791
Motpost avskrivningar	-37 113	-37 400	-41 000	-41 000	-41 000	-41 000
Netto driftsresultat	-5 523	-16 520	-9 691	-19 059	-1 212	-16 942
<i>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</i>						
Overføring til investering		2 987	5 000	5 000	3 200	3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	7 548	-800	-800	-600	-600	-600
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 025	14 333	5 491	14 659	-1 388	14 242
Dekning av tidligere års merforbruk						
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	5 523	16 520	9 691	19 059	1 212	16 942
Framført til inndeckning i seinare år	0	0	0	0	0	0

Fordeling av sum bevilgningar	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Sum løyvingar drift, netto	762 464	752 754	747 969	745 421
Sentrale styringsorgan	54 688	54 219	54 688	54 219
Oppvekst, kultur og idrett	376 126	363 858	350 334	339 595
Helse, sosial og omsorg	272 643	275 086	279 329	285 579
Tekniske tenester og brann	56 836	57 692	57 692	58 692
Kyrkjelege føremål	8 316	8 316	8 316	8 316

Fordeling av sum bevilgningar	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Tilleggslyyving - premieavvik	-6 369	-6 641	-2 615	-1 204
Økonomiske føresetnader	226	226	226	226

Bevilgningsoversikt invest- ering etter budsjett- og rekneskaps- forskrifta § 5-5 første ledd. Tal i heile 1000.	Rekne- skap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	85 898	105 830	141 650	161 100	109 200	100 200
Tilskot til andre sine investeringar	3 000	5 500	5 450	4 400	5 750	2 000
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 042	2 100	2 100	2 300	2 400	2 500
Utlån av egne midlar	16 740					
Avdrag på lån	5 430					
Sum investeringsutgifter	113 111	113 430	149 200	167 800	117 350	104 700
Kompensasjon for meirverdiavgift	-12 470	-19 242	-26 210	-30 960	-21 680	-19 680
Tilskot frå andre	-14 184	-7 460	-6 440	-34 080	-3 000	-35 000
Sal av varige driftsmidlar	-3 617	-1 150	-15 550		-1 000	
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-9 187					
Bruk av lån	-73 322	-80 391	-90 000	-92 760	-83 470	-41 720
Sum investeringsinntekter	-112 781	-108 243	-138 200	-157 800	-109 150	-96 400
Vidareutlån		20 000	15 000	15 000	15 000	15 000
Bruk av lån til vidareutlån		-20 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Avdrag på lån til vidareutlån		5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Mottatte avdrag på vidareutlån		-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Netto utgifter vidareutlån						
Overføring frå drift		-2 987	-5 000	-5 000	-3 200	-3 300
Netto avsetningar til eller bruk av bundne investeringsfond	3 831					
Netto avsetningar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-4 160	-2 200	-6 000	-5 000	-5 000	-5 000
Dekning av tidligere års udekket beløp						
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-329	-5 187	-11 000	-10 000	-8 200	-8 300
Framført til inndecking i sei-nare år (udekka beløp)	0	0	0	0	0	0



Optimisme i ei koronatid.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)